

Kommuneplanens arealdel 2015-2027

Fræna kommune



PLANOMTALE



Vedtatt i kommunestyret den 15. des. 2014 (sak 54/2014)

Innhald

Innleiing	6
1. Planområde	7
2. Bakgrunn og formål	7
3. Overordna føringar og retningslinjer	8
3.1 Lovgrunnlaget.....	8
3.2 Nasjonale føringar og retningslinjer.....	9
3.2.1 Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging (T-5/93)	9
3.2.2 Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)	9
3.2.3 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.....	9
3.2.4 Samfunnstryggleik.....	9
3.2.5 Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2010)....	10
3.2.6 Naturmangfaldloven (2009)	10
3.2.7 Kulturminneloven (1978, sist endra 2009).....	10
3.2.8 Om barn og planlegging (Rundskriv T-2/08).....	10
3.2.9 Tilgjenge for alle (Rundskriv T-5/99 B)	10
3.3 Regionale føringar og retningslinjer.....	11
3.3.1 Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012.....	11
3.3.2 Regional energi- og klimaplan (2010).....	11
3.3.3 Fylkesplan for senterstruktur 2004-2008.....	11
3.3.4 Jordvernsstrategi for Møre og Romsdal (2007)	11
3.3.5 Fylkesdelplan for strand og kystsona 2001-2004.....	12
3.3.6 Helse i plan i Møre og Romsdal 2006-2010.....	12
3.3.7 Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019	12
3.4 Lokale føringar og retningslinjer	12
3.4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel (2005).....	12
3.4.2 Planprogrammet (2007) – satsingsområde og skisserte utfordringar	13
3.4.3 Andre kommunale delplanar, analyser og føresetnader	15
3.4.4 Sentrumsstruktur og folketal.....	18
3.4.5 Interkommunalt samarbeid.....	29
4 Prosess.....	31
4.1 Organisering av planarbeidet	31
4.2 Medverknad og innspel.....	31
4.3 Innspel i planforslaget	32

5 Konsekvensutgreiing – samla vurdering.....	34
5.1 Tema for miljø- og naturressursar.....	34
5.1.1 Jord- og skogbruk	34
5.1.2 Biologisk mangfald	35
5.1.3 Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne	36
5.1.4 Strandsone og vassdrag.....	37
5.1.5 Støy og forureining.....	38
5.2 Samfunnsrelaterte tema	38
5.2.1 Samfunnstryggleik	38
5.2.2 Trafikkgenerering og samordna arealbruk.....	38
5.2.3 Friluftsliv	40
5.2.4 Teknisk infrastruktur	40
5.2.5 Bokvalitet (barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet).....	41
5.3 Samla vurdering ut frå lokale retningslinjer og føringer	42
5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel	42
5.3.2 Planprogrammet.....	46
5.3.3 Andre kommunale delplanar, analyser og føresetnader	51
6. Planforslaget.....	53
6.1 Bygningar og anlegg	53
6.1.1 Bustader	53
6.1.2 Fritidsbusetnad.....	54
6.1.3 Sentrumsformål.....	55
6.1.4 Forretning.....	55
6.1.5 Offentleg og privat tenesteyting	56
6.1.6 Fritids- og turistformål.....	56
6.1.7 Råstoffutvinning	56
6.1.8 Næring	57
6.1.9 Idrettsanlegg.....	58
6.1.10 Andre typar bygningar og anlegg	58
6.1.11 Kombinertformål	58
6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.....	59
6.2.1 Parkering.....	59
6.3 Grønstruktur.....	59
6.4 Landbruks-, natur- og friluftsformål.....	60

6.4.1 LNF, bokstav a (jf. PBL § 11-7, nr. 5, bokstav a).....	60
6.4.2 LNF, bokstav b: Område der spreidd bustad er tillat (jf. PBL. § 11-7, nr. 5, bokstav b)	60
6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.....	60
6.5.1 Farleier.....	61
6.5.2 Småbåthamn	61
6.5.3 Akvakultur	62
6.6 Omsynssoner(jf. PBL. § 11-8)	62
6.6.1 Fare-, sikrings- og støysoner (jf. PBL § 11-8, bokstav a)	62
6.6.2 Sone med særlege omsyn (jf. PBL § 11-8, bokstav c)	62
6.6.3 Bandleggingssone (jf. PBL § 11-8, bokstav d)	63
6.6.4 Gjennomføringssone (jf. PBL § 11-8, bokstav e)	63
7. Endringar etter offentleg ettersyn	65
8. Vedlegg	68
8.1 Folketalsutvikling i alle krinsar	68
8.2 Samandrag av strategisk fundament frå samfunnsdelen i kommuneplanen	69

Innleiing

Planprogrammet for revisjonen av kommuneplanen sin arealdel vart vedteke av Fræna kommunestyre 7. september 2007. I planprogrammet står det at revisjonen ikkje skal legge til grunn ein heilt ny plan, men vere ei oppdatering av den gjeldande arealplanen.

1. juli 2009 trådde plandelen i ny plan- og bygningslov av 2008 i kraft. Ein har i arbeidet med kommuneplanen møtt på nye problemstillingar, særskilt innan plankart og føresegner.

For å følgje føreseggnene og retningslinjene i den nye loven har det vore nødvendig med ein meir omfattande revidering enn det ein såg for seg i 2007. Den nye loven har også auka fokus på samfunnsikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), klima, folkehelse, strandsoneforvaltning, universell utforming og medverknad. Det skal til dømes gjennomførast ei konsekvensutgreiing/risiko- og sårbarheitsanalyse for alle nye areal som er foreslått omdisponert til utbyggingsområde i den nye arealdelen, uansett storleik.

Planforslaget som no ligg føre omfattar:

- Planomtale
- Plankart: juridisk bindande dokumentet som saman med føreseggnene og retningslinjene fastset den framtidige arealbruken
- Føresegner: juridisk bindande krav til arealbruk og planlegging, samt retningslinjer
- Konsekvensutgreiing (KU) med risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), delt i to dokument (Del 1 og Del 2)
- Innspel frå private og det offentlege 2005-2011 og innspel frå grendamøter 2008
- Innspel frå Plan- og økonomiutvalet (vedtak i PLØK, sak 7/2013 og 59/2013)
- Statusdokument: Status for bustadtomter og Status for forretning og næring, Status for fritidsbusetnad og naust, alle i gjeldande arealdel
- Temakart

Tema for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel finn vi i kommuneplanen sin samfunnsdel 2005-2017 som vart vedteke i Fræna kommunestyre den 12. desember 2005 (sak 71/05). Planen omfattar kommunen sitt strategiske fundament med visjon, overordna mål og satsingsområde, og legg føringer for korleis kommunen skal utvikle seg. Det er dermed naudsynt med ei revidering av arealdelen av kommuneplanen for å få samhandling mellom dei to planane. Det har og skjedd fleire samfunnsendringar som gjer det naudsynt å revidere arealdelen. Spesielt gjeld det omdisponering av areal frå landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) til ulike utbyggingsformål.

Hovudtema for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel er bustadbygging, næringsutvikling, identitetsbygging, kultur- og trivselstiltak og gode bo- og oppvekstvilkår, og det er desse tema planframlegget konsentrerer seg om.

1. Planområde

Arealplanen omfattar heile kommunen medrekna sjøområda.



Figur 1: Kart over Fræna kommune

2. Bakgrunn og formål

"Kommunal planlegging har til formål å legge til rette for utvikling og samordnet oppgaveløsning i kommunen gjennom forvaltning av arealene og naturressursene i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statlig og privat virksomhet".

Plan- og bygningsloven § 3-3

Den første kommuneplanen for Fræna kommune vart godkjent i september 1989 (1988-1999). Da kommuneplanen skulle reviderast, valte ein i første omgang å revidere arealdelen. Den første revisjonen av plana vart vedteke i Fræna kommunestyre den 8. september 2003 (sak 51/03) som Kommuneplan for Fræna, arealdel 2003-2015.

Hausten 2007 starta kommunen opp med arbeidet med en ny revisjon av arealplanen, og eit planprogram vart vedteke av Fræna kommunestyre den 3. september 2007 (sak 47/07). Planprogrammet ligg til grunn for utarbeidninga av planforslag med ROS-analyse og konsekvensutgreiing.

Ifølge det vedtekne planprogrammet skal arealdelen i kommuneplanen utarbeidast som ein oversiktsplan for heile kommunen. Revisjonen skal ikkje legge grunnlag for ein helt ny plan, men vere ei oppdatering av den gjeldande arealplanen.

Arealdelen av kommuneplanen består av kart og føresegner. Det er eit mål å få like føresegner for heile kommunen. Ein har i denne planen gått bort frå å dele inn kommuneplanen i skulekretsar med eigne føresegner knytt til kvar enkelt krets til felles føresegner for alle kretsane. Dette for å gjere behandling etter planen enklare.

Plankartet er eit juridisk bindande dokument som skal fastsetje den framtidige arealbruken saman med føreseggnene. I den nye plan- og bygningsloven er det mange endringar i høve tidligare lov. Framtidig arealbruk er vist med sterke farger enn eksisterande arealbruk (motsett frå tidligare). Det er lagt på omsynssoner med skravur over område der særskilde omsyn må takast i samband med arealbruken. Nye arealformål har fått kode av bokstav(ar) og tal, som ein kan finne att både i kapittel 6 Planforslaget, og i dokumentet om Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Det er langt meir informasjon i plankartet no enn tidligare, og kartet er difor vanskeleg å lese som utskrift i 1:40 000. Det vert difor tilrådd at pdf-dokumentet vert nytta.

Det er verdt å merke seg at etter den nye loven er føreseggnene langt viktigare enn før, og det er nødvendig å lese føreseggnene grundig for å forstå kartet i sin heilskap.

Etter den nye plan- og bygningsloven skal kommunestyret gjera vedtak om ein planstrategi kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering. Arealdelen av kommuneplanen vil dermed bli rullert etter behov, i samsvar med den til einkvar tid gjeldande planstrategi.

3. Overordna føringer og retningslinjer

3.1 Lovgrunnlaget

Kommuneplanens arealdel er lovheimla i plan- og bygningsloven (PBL) § 11-5, første ledd:

"Kommunen skal ha en arealdel for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk".

Vidare står det i PBL § 11-5, andre ledd:

"Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt".

Kommuneplanen sin arealdel tek opp formål iht PBL § 11-7 punkt 1-6. Dei juridiske føreseggnene i planen og plankartet er knytt opp mot desse arealformåla, og er juridisk bindande. I tillegg til

plankartet og føresegnehene er det utarbeidd retningslinjer og temakart. Eit av temakarta er gjort juridisk bindande, mens resten ikkje er det. Temakarta skal brukast til å gje forståing av arealbruken og det rettslege innhaldet. Retningslinjene signaliserer korleis kommunestyret vil at politiske utval og administrasjonen skal følgje opp planen i si sakshandsaming.

3.2 Nasjonale føringer og retningslinjer

Kommuneplanen sin arealdel er ein felles arena for avklaring av arealpolitikken innanfor alle sektorar. Det er difor lagt ei rekke føringer for planarbeid i kommunen gjennom sentrale forskrifter, stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer, brev og rundskriv. Dette er mål og rammer som skal leggjast til grunn for den kommunale planlegginga, og som dermed vert viktige føringer for arbeidet med kommuneplanen i Fræna.

Kommuneplanens arealdel skal utformast i tråd med desse nasjonale og regionale føringane. Her følgjer ei oversikt over dei viktigaste retningslinjer og rundskriv som har gjort seg gjeldande og som er forsøkt følgt i dette planarbeidet (oversikten er ikkje uttømmande).

3.2.1 Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging (T-5/93)

Utbyggingsmønster og transportsystem bør bli sett i samanheng slik at ein kan leggje til rette for ein mest muleg effektiv, trygg og miljøvennlig transport og slik at det vert mindre behov for transport og løysingar som kan gi korte avstandar i forhold til daglege gjeremål. Ein bør forsøke å auke konsentrasjonen av utbygging i tettstادområde. Det er framheva som viktig å unngå nedbygging av viktige natur- og landbruksområde og legge tilhøva til rette for kollektivtransport, gåande og syklande. Omsynet til bevegelseshemma skal tilleggas vekt i planlegginga.

Ein bør unngå omdisponering av store, samanhengande areal med dyrka eller dyrkbar jord av høg kvalitet. Innanfor gangavstand frå knutepunkt kan utbyggingsomsyn tilleggas større vekt enn vern under føresetnad at det er planlagt ein konsentrert utbygging og at det er tatt omsyn til kulturmiljø og grønstruktur.

Ein bør unngå nedbygging av særleg verdifulle naturområde, sjø og vassdragsnære areal, friluftsområde, verdifulle kulturmiljø og kulturminne.

3.2.2 Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)

Kommunane skal innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre ein meir effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging. Vidare skal kommunane føre ein konsentrert arealbrukspolitikk og utvikle eit arealbruksmønster som reduserer transportbehovet. Handel og næringsverksemder blir lagt til stader som genererer lite bilkøyring.

3.2.3 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging

Støyplagar skal førebyggast og ein skal ivareta stille og lite støypåverka natur- og friluftsområde. Ein skal gi klare anbefalingar om kor ein ikkje bør etablere støyfølsam arealbruk og kor etablering berre kan skje med avbøtande tiltak.

3.2.4 Samfunnstryggleik

Det er ei klårt definert nasjonal målsetting for kommuneplanlegginga at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal integrerast som ein sentral og naturleg del i kommuneplanprosessen. Av PBL § 3-1 går det fram at planlegginga skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje mot risiko for tap av

liv, helse, skade på miljø osb. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for at nye tiltak ikkje blir plassert slik at menneske eller materielle verdiar blir utsett for fare og risiko.

3.2.5 Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2010)

Kommunen skal ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i PBL. Spørsmålet om bygging skal også vurderast i forhold til allmenne interesser som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Kommunen skal vurdere om tidlegare vedtekne, ikkje utbygde områder for utbygging i strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen. Planretningslinja skil mellom sentrale strøk og område med mindre press på arealet.

3.2.6 Naturmangfaldloven (2009)

Eit viktig grep som er gjort i naturmangfaldloven er innføring av generelle prinsipp som skal leggast til grunn i alle offentlege avgjerde som gjeld naturmangfaldet. Dette gjeld mellom anna saker etter plan- og bygningsloven. Prinsippa gjeld (jf. naturmangfaldloven §§8-12):

- a) Krav til kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapsbasert forvaltning er framheva i loven. Det er viktig at tilgjengeleg kunnskap blir brukt ved vurdering av tiltak.
- b) Vektlegging av føre-var-prinsippet: Er ikkje kunnskapen tilstrekkeleg, skal tvilen kome naturen til gode dersom risikoen for skade er stor.
- c) Krav til å vurdere samla belastning på økosystemet: Eit tiltak må ikkje berre vurderast isolert, men må sjåast i samanheng med andre belastningar i same område.
- d) Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Dette tilsvarer prinsippet om at "foreinar betaler", og gjeld for dei som gjer skade på naturen.
- e) Bruk av miljøforsvarlege teknikkar og metodar: Loven set krav om å vurdere avbøtande tiltak og driftsmetodar for best muleg å ta omsyn til naturmangfaldet

3.2.7 Kulturminneloven (1978, sist endra 2009)

Kulturminne og kulturmiljø med sin eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Kjente automatisk freda kulturminne kan merkast av i kommuneplanen sin arealdel, enten i plankartet eller eit eige temakart. På kommuneplannivå vil det ofte ikkje vere grunnlag for å kunne vurdere om arealdisponeringa inneberer konflikt i forhold til automatisk freda kulturminne. Normalt blir forholdet først avklart gjennom behandling av reguleringssaker og byggesaker.

3.2.8 Om barn og planlegging (Rundskriv T-2/08)

Barn og unge skal sikrast eit oppvekstmiljø som gjev tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Ved omdisponering av areal som i planer er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning.

3.2.9 Tilgjenge for alle (Rundskriv T-5/99 B)

Ny utbygging bør i størst muleg grad bli lagt til eksisterande grender, tettstader og byområde av omsyn til den delen av befolkninga som har lavast mobilitet og som ikkje disponerer bil, jf.

rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. Det bør leggast opp til korte avstandar i forhold til daglege gjeremål.

3.3 Regionale føringar og retningslinjer

Regional planstrategi 2012-2016 gir ein oversikt over eksisterande vedtekne fylkesplanar, ROS-analyser og sektorrelaterte planar og strategiar som er aktuelle i arbeidet med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Mange av desse dokumenta har vore med å støypt planforslaget til kommuneplanens arealdel slik det no ligg føre.

3.3.1 Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012

Det skal leggast vekt på folkehelsearbeidet i areal- og samfunnsplanlegginga. Planen inneholder krav til universell utforming, stoppe tap av biologisk mangfald og hindre irreversible inngrep i sårbare område, som til dømes strandsona og fjellområda og til slutt samfunnstryggleik i form av å prioritere tiltak som ikkje har negative konsekvensar for tryggleiken. Slik ser vi at fylkesplanen har i seg tankar i tråd med rundskriv T-5/99 Tilgjenge for alle, naturmangfaldloven, statleg planretningslinje for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen og rundskriv T-2/08 Om barn og planlegging.

3.3.2 Regional energi- og klimaplan (2010)

Det skal leggast vekt på å redusere transportavstandar gjennom fortetting og lokalisering av transportgenererande verksemder og lokalisering av ny utbygging til alt eksisterande kollektivaksar og kollektivknutepunkt. Utbyggingspolitikk bør gjelde i minst muleg avstand frå eksisterande by- og tettstadar, slik at lokalisering av ny busetnad får kortast muleg reiseavstand (dvs. gangavstand) til sørvis- og tenestetilbod. Regional energi- og klimaplan har i seg tankar i tråd med rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging og Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane.

3.3.3 Fylkesplan for senterstruktur 2004-2008

Sentrumsav eksisterande byar og tettstader skal vere basis for vidare utvikling av handels-, sørvis- og tenestetilbod og vere tilgjengeleg for alle. Følgjande retningslinjer er gitt for lokalisering:

- a) Kjøpesenter og andre større nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel og sørvis skal lokaliseras innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplanen.
- b) Handel med plasskrevjande varer bør ligge i eller i utkanten av sentrumsareala.
- c) For å sikre eit godt tilbod av grunnleggande funksjonar kan det leggast til rette for mindre etableringar også utanfor tettstadane.

3.3.4 Jordvernsstrategi for Møre og Romsdal (2007)

Den overordna målsettinga er at verdifull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar. Det blir lagt vekt på å ta vare på dei samanhengande jordbruksareala i dei beste klimasonene og med den beste jordkvaliteten. For å få til dette må ein peike på landbruksfaglege interesser tidleg i planprosessen.

Det er også eit uttalt mål å oppretthalde eit ope og variert kulturlandskap med biologisk mangfald og kulturminne, som gir rom for opplevelingar og rekreasjon. Jordvernsstrategi for Møre og Romsdal har i seg tankar i tråd med rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, og frå naturmangfaldloven.

3.3.5 Fylkesdelplan for strand og kystsona 2001-2004

Planen skisserer tre hovudutfordringar. Den første er areal til næringslivet ved å legge til rette for attraktive næringsetableringar som ikkje øydelegg kvalitetane eller gjer strandsona utilgjengeleg. Den andre å unngå bit-for-bit-forvaltning av areal. Regulering sett i gong utan samsvar med kommuneplanen gir ei manglande langsiktig styring og må ikkje forvekslast med fleksibilitet. Den tredje og siste er folk sin tilgang til rekreasjon i kystsona. Utbygging i form av fritidsbusetnad, bustader eller industri fører til ei privatisering av områda ikring og det oppstår barrierar som hindrar ferdsel langs stranda. Vanlege båtnaust er mindre konfliktfylte. Fylkesdelplanen har i seg tankar i tråd med den nye statlege planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

3.3.6 Helse i plan i Møre og Romsdal 2006-2010

Formålet med Helse i plan er å implementere helseperspektiv i all planlegging. Det er kommunen sitt ansvar å sikre gode leikeplassar, gang- og sykkelvegar, snarvegar, friområde og naturområde. Blant anna er det viktig å bevare allmenn strandsone med tanke på folkehelse, og holmar og strandsone skal vere tilgjengeleg og ein livskvalitet for alle. Ved ein eventuell utbygging vil slike område øydeleggast og bli ein livskvalitet for berre nokre få. Slik ser vi at Helse i plan i Møre og Romsdal har i seg tankar i tråd med statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og rundskriv T-2/08 om barn og planlegging.

3.3.7 Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019

Transportstrategien for gåande og syklande i Møre og Romsdal seier at det må settast av nødvendig areal til framtidige gang- og sykkelvegar, først og fremst rundt skular. Det bør vere sykkelvegar i ein radius på fire km rundt grunnskolar og seks km rundt vidaregåande skole.

Satsing på meir gang- og sykkelvegar vil i tillegg til trygge skolevegar ha positive effektar for bolyst, livskvalitet, folkehelse, miljø, gode oppvekstvilkår, levande lokalsamfunn, næringsliv og legge opp til fysisk fostring (knytt til friluftsliv, natur og identitetsbygging). Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal har i seg tankar i tråd med Helse i plan i Møre og Romsdal.

3.4 Lokale føringar og retningslinjer

Det finst også ei rekke lokale føringar for utarbeidingsa av planforslaget:

3.4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel (2005)

I desember 2004 vedtok Fræna kommunestyre å starte revisjonen av kommuneplana sin samfunnsdel. Planen vart vedteke av kommunestyret den 12. desember 2005 (sak 71/05). Samfunnsdelen er det viktigaste styringsdokumentet for politisk og administrativ leiing. Visjon, overordna mål og satsingsområde utgjer kommunen sitt strategiske fundament og dannar grunnlaget for kommunen sitt langsiktige arbeid.

Visjonen ”Fræna – mulegheitenes kommune” er rettesnora, og etter visjonen følgjer kommunens 11 overordna mål. Dei overordna måla er organisert inn i fire fokusområde og fire satsingsområde (sjå vedlegg for oversikt over Fræna kommune sitt strategiske fundament, kap. 7.2).

I fokusområdet «Samfunn og livskvalitet» finn ein tre overordna mål for at arealplanen kan bidra til at kommunen oppnår sin visjon:

- Fræna kommune skal fremje god infrastruktur og næringsutvikling

- Fræna kommune skal vere ein leiande landbrukskommune
- Fræna kommune skal sikre og vidareutvikle natur-, kultur- og miljøkvalitetar.

I fokusområdet «Tenestetilbod/brukarar» finn ein det overordna målet om at:

- Fræna kommune skal gi eit trygt og utviklande oppvekstmiljø.

Dette målet skal også bidra til at kommunen oppnår sin visjon om å vere «mulegheitenes kommune».

Dei fire satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel er:

Bustadbygging

Å legge til rette for bustadbygging i kommunen vil seie å legge til rette for busetting. Busetting kan til dels skje i eksisterande byggingsmasse i kommunen, men det er alltid etterspørsel og ønskje om å bygge nye bustadar. Fræna kommune har hatt som uttalt politikk at det skal vere tilgong på byggeklare tomter i kommunale bustadfelt i alle grendekretsar – slik kan folk som ønskjer å busette seg i Fræna kommune ha valfridom til kvar i kommunen dei ønskjer å bu.

Tilrettelegging for næringsutvikling

Å fremje næringsutvikling er eit av dei overordna måla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Planen seier at næringsutvikling skal vere eit satsingsområde for å sikre eksisterande og skape nye arbeidsplassar i kommunen. Ei framtidsretta utvikling innanfor næringslivet kan vere med på å sikre ny busetting i kommunen samstundes som det kan vere eit verkemiddel for å styre kor i kommunen ein ønskjer busetting.

Gode bu- og oppvekstvilkår

Fræna kommune har dei overordna måla å ”gi eit trygt og utviklande oppvekstmiljø” og å ”ivareta innbyggjarane sine behov for omsorg, tryggleik og pleie”. Eit godt oppvekstmiljø kan bidra til at dei unge vel å bli buande i kommunen eller at dei kjem tilbake til kommunen etter avslutta utdanning/arbeid andre stader. Gode barnehagetilbod kan også vere medverkande for om barnefamiliar vel Fræna som bustadkommune. Å ta vare på dei eldre utgjer ei stor arbeidsoppgåve for kommunen – ei oppgåve som ikkje blir mindre med den venta auka i talet på eldre.

Identitetsbygging, kultur- og trivselstiltak

For at kommunens innbyggjarar og andre skal kunne leve det gode liv i kommunen er det ikkje nok med berre gode bustadar, skoler, helse og arbeid. Det er også viktig at ein trivs der ein bur og at ein føler identitet til lokalsamfunnet. Trivsel og samhald er grunnleggjande eigenskapar i eit livskraftig lokalsamfunn.

3.4.2 Planprogrammet (2007) – satsingsområde og skisserte utfordringar

Fylket har peika på kravet om at planprogrammet blir svart på i planforslaget som no ligg føre. Planprogrammet tek først for seg dei fire satsingsområda frå kommuneplanen sin samfunnsdel; bustadbygging, tilrettelegging for næringsutvikling, gode bo- og oppvekstvilkår og identitetsbygging, kultur- og trivselstiltak. Desse punkta er gjort reien for i punkt 3.4.1.

Nedanfor følgjer derfor ei oversikt over dei ti utfordringane som er skissert i planprogrammet. Korleis desse er forsøkt løyst gjennom det nye planforslaget for arealdelen er gjort reden for i kapittel 5

Konsekvensutgreiing – samla vurdering. Namngjevingane på utfordringane er enkelte stader justert etter ny planlov som opererer med nokre nye arealkategoriar etter at planprogrammet vart vedteke.

Strandsoneforvaltning

Planprogrammet ber om at det må lagast ein klar plan for bruken av sjøområda for at det ikkje skal skje ei stykkevis og delt utbygging der få har tilgang. Det må setjast av område for utbygging av naust, fritidsbustader, næringsverksemd, småbåthamner, moloar, offentlege område, tilrettelagde fiskeplassar osb. Hamnestrukturen må vurderast, og sjå om bruken av dei statlege fiskerihamnene har endra seg dei siste åra. Kystsoneplan bør innlemmast i arealplanen.

Planen for bruken av sjøområda skal sikre ei berekraftig utvikling av naturressursane i sjøen, og unngå å gjere varige inngrep i naturen. Eit slikt prinsipp vil innskrenke handlefridomen til enkelte, og vil krevje heimlar for dei påbod og forbod som legg føringar på livet deira og sett avgrensingar som ikkje alltid er lett å akseptere. Naturen skal brukast, ikkje forbrukast!

Fritidsbusetnad, spreidd utbygging

I og med at etterspørsele etter hyttetomter langs kysten og i fjellet har auka betrakteleg er det behov for ei heilsakeleg plan med tanke på fritidsbustader. Bruk av dispensasjonar frå arealplanen til hyttebygging har ført til ei gradvis ukontrollert utbygging av kystsona og område i fjellet. Denne politikken gir ikkje den beste utviklinga og kan føre til forskjellsbehandling. Det må avklarast kor kommunen kan tillate utbygging og kor det må vurderast at ein ikkje bør opne opp for hyttebygging (ingrepstilfelle). Eigedomsgrensene skal ikkje vere den bestemmande faktoren for kor hytteområda skal lokaliserast. I denne samanhengen må ein også vurdere både eksisterande og framtidige behov for vegsituasjon, molobygging og småbåtanlegg. Storleiken på naust og ombygging av naust, hyttestorleik, utforming osb. bør avklarast i denne revisjonen. Fræna kommune vil unngå å legge områder for fritidsbustader i område som seinare kan kome i konflikt med viktige og attraktive område for til dømes bustader og friluftsliv.

LNF-område

Det er ei utfordring i landbruket å ta vare på areala slik at dei ikkje blir splitta opp med bustader, forretningar og industri. Derfor bør bevaring av dyrkbart areal som i dag ikkje er utnytta stå sentralt (jordvernet), og natur og miljøvern stå sterkt. Ein bør sjå på mulegheita for å tilbakeføre nokre område til LNF-område. Det er viktig å sette fokus på grensa mellom byggeområde og LNF-område og lage klare retningslinjer for dette. Det er viktig å sikre inngrepstilfelle område for framtidige generasjonar og framtidig utvikling. Når det gjeld skogområda bør vi avklare retningslinjer for ønska skjøtsel av skogene.

Energi

I samband med konsesjonssøknaden om gasskraftverk i Fræna er det eit behov for å få området til sjølve produksjonsanlegget inn i arealplanen og å regulere område til gassrøyrleidning for i landføringa av gass. Statnett planlegg ei ny kraftlinje frå Mo i Rana som kan ende opp i Fræna kommune. Utbygginga vil vere ferdig i 2015. I samband med dette er det nødvendig å sette av areal pareallelt med eksisterande kraftlinje. Ein bør også avklare muleg bruk av alternativ energi.

Infrastruktur

Ein må gjere ei vurdering av eksisterande vegtrasear og vurdere framtidig behov, samt etablering av nye gang- og sykkelvegar. Vidare må ein avklare kor tilbodet for breiband er for dårleg og komme med forslag til kor utbygginga kan gjerast.

Råstoffutvinning

Ein må finne og sette av eigna område for uttak av masser. Aktuelle område kan vere der det kan utarbeidast planer for etterbruk, til dømes til næringsområde eller idrettsanlegg. Sandressursane i kommunen må også avklarast. Vidare må det vurderast behov for driftsplanar i samband med masseuttak.

Offentlege område

Det står i planprogrammet at ein bør sjå på nærmiljøanlegg i nye bustadfelt, tilrettelegging for skileik ved skulane, nye badeplassar, tilkomst Stavkleira, turstiar Fjellsetra-Hestadsetra, fiskestiar Aureelva-Vasselva, tursti Kråkneset-Elnestangen, naturstiar i tilknyting til skular/barnehagar og sykkelsti Langvatnet-Aandal. Vidare bør ein sette av område for idrettsanlegg/kunstgrasbane i sentrum (Dalelia), sette av område for nytt skolebygg på Haukås, avklare forvalting og tilrettelegging av eksisterande verneområde, stiar og område for friluftsaktivitet, finne ut kva for behov ulike samarbeidsprosjekt som til dømes mellom ”Nasjonal Turistveg” og kyststien har for areal og finne område som kan settast av til funksjonelle og varierte skuleområde som innbyr til fysisk aktivitet på alle grunnskulane.

Næringsområde, herunder industri

Ein må sjå om det er andre område som er blitt meir aktuell til industriområde, og om det er regulerte område som ikkje er teke i bruk og kan omdisponerast til anna formål. Aktuelle område er mellom anna Ura industriområde, Eidem Sør, Holamyra, Varhol og Harøysundområdet.

Ein bør vurdere å sette opp ei prioritering i høve korleis rekkjefølgje ein skal bygge ut næringsområda i kommunen. I revisjonen skal ein vurdere muligheita for å utvikle nye næringsområde langs aksen frå Tustentunnelen til Fræneidet. Utviklinga av Elnesvågen sentrum som handelsområde må også vurderast.

Kulturminne/kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid må vere kartfesta. Konsekvensar for freda kulturminne skal vere identifisert ved ei eventuell omregulering av område til mellom anna utbygging. Det bør utarbeidast retningslinjer for forvaltning av kulturminna.

Bustadområde

Ein skal sjå på endringar i preferanse for kor i kommunen folk ønskjer å busette seg, og om foreslegne bustadområde i den gjeldande planen kan regulerast om til anna formål.

3.4.3 Andre kommunale delplanar, analyser og føresetnader

Fræna kommune har ein rekke kommunale delplanar, analyser og føresetnader som må sjåast i samanheng med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel:

«Lokal agenda 21» (1992) og «Fredrikstaderklæringa» (1998)

Fræna kommune har slutta seg til «Fredriksstaderklæringa» om lokal medverknad og berekraftig utvikling (Lokal Agenda for det 21. århundret LA21). Dette inneber at kommunen i all forvalting skal

leggje til grunn prinsippet om ei berekraftig utvikling. Vidare skal kommunen søkje å gjere innbyggjarane bevisste og ansvarsmedvitne gjennom deltaking og medverknad.

Gjennom «Fredrikstaderklæringa» skal Fræna kommune gjennom arealforvaltninga leggje til rette for

- ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar
- at aktivitetane i lokalsamfunna våre skjer innanfor naturen si bereevne både lokalt og globalt og at vi difor ønskjer å redusere ressursforbruket og skadeverknader på miljøet
- å utvikle lokale utbyggingsmønster, spesielt i byar og tettstader, som reduserer trøngen for bilbruk og forbruk av areal
- å sikre ei lokal ressursforvaltning som både tek vare på det biologiske mangfaldet og gir grunnlag for livskraftige lokalsamfunn

Arbeidet med Lokal Agenda 21 skal hjelpe kommunen i arbeidet med å finne gode lokale løysingar innanfor dei nasjonale måla for miljø og utvikling gjennom lokal deltaking i planprosessane og kunnskapsformidling om samspelet i naturen som grunnlaget for ei berekraftig utvikling (LA 21)

Strategisk næringsplan 2010-2021

Overordna mål for næringsplanen er å medverke til å fremje gode, konkuransedyktige og lønsame bedrifter med forankring i kommunen og regionen sin eigenart, lokale føresetnader og høve for utvikling.

Bustadbyggingsprogram 2012-2016

- Det skal vere tilgang til byggeklare tomter i kommunale bustadfelt i alle grendekretsar slik at folk som ønskjer å busette seg i Fræna kommune har valfridom til kvar i kommunen dei ønskjer å bu.
- Fræna kommune ønskjer å legge til rette for bustadbygging i nærleiken til arbeidsplassar, sørivistilbod, skole- og fritidstilbod.
- Fræna kommune skal ta omsyn til ein rekke faktorar i samband med lokalisering og planlegging av bustadbygging, til dømes trafikksikringsspørsmål, kollektivtransport, skolestruktur, nærleik til sentrumsfunksjonar, bygningsestetikk og landskap, veg, vass- og avlaupsløysingar.

Skulebruksplan (2010)

- Kommunestyret vedtok at skulestrukturen i Fræna skal haldast uendra, men det vart gjort endringar i opptaksområda Søre Fræna og Sylte/Malme. I Søre Fræna blir Jendem og Aureosen skole slått saman. Jendem skole blir bygd ut til å ta i mot 5. – 7. årssteg som i dag har sitt skoletilbod ved Aureosen skole. Aureosen skole blir lagt ned. Sylte og Malme skole blir slått saman. Sylte skole blir bygd ut til å ta i mot 5. – 7. årssteg som i dag har sitt skoletilbod ved Malme skole. Malme skole blir lagt ned.
- Det er konstatert stort behov for bygningsmessig oppgradering av Haukås skole. Kommunen sin plan- og byggekomité er bedt om å starte arbeidet med å vurdere situasjonen ved Haukås

skole, herunder sjå om det er muleg å gje eit framtidsretta skoletilbod innanfor gjeldande tomtegrenser, eller om det bør byggjast eit nytt skolebygg lokalisert ein annan stad.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (2009)

- Det skal takast beredskapsomsyn ved all kommunal planlegging.
- Kommunen skal kontinuerleg identifisere nye fareområde og søke å minske sannsynet for uønska hendingar.

Bustadsosial handlingsplan (2006)

- Målet med bustadsosial handlingsplan for Fræna kommune er auka kunnskap om behovet i kommunen, auka kunnskap om statlege verkemidlar, meir samkjørt bustadpolitikk mellom sektorane, betre utnytting av kommunens bustadar, ein meir målretta og effektiv bruk av midlar, større effektivitet ved å samordne ressursane.

Landbruksplan 2004-2015

- Fræna kommune skal bidra til å vidareutvikle landbruket innanfor dei rammene som blir gitt nasjonalt. Fræna kommune vil søke å ta vare på landbruksinteressene med omsyn til samfunnsinteressene og naturgrunnlaget.
- Lokale tiltak vil vere ei arealplanlegging som tek i vare landbruket, det biologiske mangfaldet og samfunnsinteressene og arbeide for ei bærekraftig viltforvaltning som tek sikte på ein balanse mellom beitegrunnlag og storleiken på viltstamma.

Trafikktryggingsplan 2009-2012

- Det langsiktige målet er null drepne eller alvorleg skadde i trafikken.
- På kort sikt er målet reduksjon i talet på ulykker.
- Trafikktryggingsplana består av to hovuddelar; åtferdsendrande tiltak og fysiske tiltak. Fysiske tiltak er tiltak som nedsetting av fartsgrense, fjerning av objekt som hindrar fritt oversyn i farlege vegkryss, bygging av gang- og sykkelvegar, osb.

Idretts- og friluftsplan 2008-2011

- Hovudmål er at alle i Fræna kommune skal bli gjeve tilbod om fysiske aktivitetar og naturopplevingar ut frå eigne behov og føresetnader. Tilbod til barn og unge skal prioriterast.
- Delmål: Informasjon, leiarutdanning, utvikling/fornying av aktivitetstilbod, friluftsliv og anlegg.

Lokal energiutgreiing, Fræna kommune (2011)

Potensiale for fleksibilitet ved å kunne nytte andre energikjelder er tilstades. Det er etablert distribusjonssystem for gass mellom Eidem og Dale som gjer det muleg å konvertere til gass framfor olje i området. I tillegg kan bustadar i Dalelia knytast til.

3.4.4 Sentrumsstruktur og folketal

Sentrumsstruktur

Senter har historisk danna seg der folk har funne det attraktivt å bu og arbeide. Arbeidsplassar har tradisjonelt sett vore den viktigaste faktoren for å forklare folk sine flyttemønstre.

I dei siste åra har vi sett at arbeidsplassar ikkje er tilstrekkelig. Dette heng blant anna saman med at ein har fått meir mobile arbeidstakrar og ein rekordlåg arbeidsløyse. Betydinga av staden sin attraktivitet har blitt langt viktigare og folk er i dag meir opptatt av å ha eit forhold til staden og trives med omgjevnadene.

I tillegg til gode arbeidsplassar er det viktig å ha gode kommunale service og tenestetilbod, teknisk infrastruktur, godt lokalklima, flott natur, varierte kultur- fritidstilbod og gode bustadomter. Dei fysiske omgjevnadene våre og bruken av areala betyr mykje for folk sin kvardag og er med på å skape trivsel, tryggleik og eit sosialt liv.

Ein stad blir attraktiv der innbyggjarar, foreiningar, næringsliv og lokale eldsjeler spelar på lag og skapar kreativitet og engasjement. Til saman utgjer sørvistiltak, sentralitet og lokalkultur særpreget som gir samhald, godt naboskap og eit godt bomiljø.

For å kunne kallast senter må det innan området finnast eit minimum av sørvisfunksjonar i tillegg til busetnad. Funksjonane må ha ein nærleik slik at vi oppfattar at tilboda tilhører same stad. Slike sørvisfunksjonar kan vere daglegvarebutikk og andre forretningar, barnehage, skule, post/ bank, bensinstasjon og god infrastruktur for alle trafikkantar.

Sentrumsfunksjon

Tettstaden skal ikkje berre vere eit namn, den skal også ha eit innhald. Sentrum skal vere ein samlingsstad for handel, tenesteyting, sørvis og kultur der detaljhandel er ein viktig premiss når det gjeld organisering og utforming av staden. Nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel og sørvis skal lokaliserast innanfor sentrumsarealet. Dette vil vere med på å gjøre sentrum meir konsentrert, attraktivt og trygt.

Sentrumsområdet skal også ha møteplassar i det offentlege rom. Romma og møteplassane skal vere tilrettelagt for alle brukarar og fungere som møteplassar utanom opningstid til butikkane. Desse skal opparbeidast slik at dei blir oppfatta som trygge og tiltrekkjande.

Sentrumsstruktur i Fræna

Fylkesplanen for senterstruktur tek for seg senter og regionstrukturen i Møre og Romsdal. I Molderegionen er Molde definert som regionsenter, medan Elnesvågen saman med Vestnes er definert som bygdebyar. Elnesvågen har dei siste åra styrka sin posisjon som handelssentrum i kommunen og i Ytre Romsdal og Nordmøre, men tal frå strategisk næringsplan viser at sjølv om Fræna utviklar seg i takt med kommunane elles i regionen, har vi ikkje klart å redusere handelslekkasjen.

Kommunen er delt inn i 7 skolekretsar. Kvar krets har hatt sine senter, store eller små, målt i høve til folketal. Daglegvare og barneskule har vore dei to største faktorane som har danna mindre senter. Figur 2 viser dei 7 kretsane på tre ulike nivå ut frå funksjon og sørvisgrad. Hustad og Farstad er slått saman sidan desse deler viktige funksjonar.

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Krets	Elnesvågen	Jendem, Bud og Farstad/ Hustad	Malmefjorden, Tornes
Funksjon/ Sørvisgrad	Dekkje alle detaljhandelsbransjar som er naturleg på dette nivået	Skole, daglegvare, reiseliv, bensin, bank/ post	Skole og daglegvare
Tiltak/ Arealbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Utvidings- og ekspansjonsareal • Fortetting 	Utvikling innanfor eksisterande areal og ei utviding av forretningsareal på Jendem.	Utviding av daglegvare i Malmefjorden.

Figur 2: Dei sju kretsane på tre ulike nivå ut frå funksjon og sørvisgrad.


Avgrensing og fortetting av Elnesvågen sentrum

Utgangspunktet for avgrensing av Elnesvågen sentrum er dagens og framtidas planlagde mangfold og konsentrasjon av handels- sørvis-, og kulturtildrag, grøntdrag og grøntstruktur. Elnesvågen er i dag eit langstrakt sentrum med ulike typar detaljhandel. Jordbruksinteresser og terrenget i nord og Fylkesvegen i sør har i lengre tid vore ei hindring for å utvikle sentrum i andre retningar.


Utvikling og avgrensing av sentrum har vore presentert i fleire tettstadsanalysar utan at det har blitt tatt dei store grepene i sentrum. Fylkesplanen for senterstruktur legg opp til at kvar kommune har ansvar for å avgrense sentrum. I dei største byane bør det ikkje vere meir enn 800 meter mellom ytterpunktene. I dei andre tettstadene bør avstanden vere tilsvarende mindre. På figur 3 er det teikna to sirklar ut frå torget. Desse er har ein diameter på 400 og 800 meter som er i tråd med rettleiinga i fylkesplanen for senterstruktur.

I strategisk næringsplan for Fræna kommune er det foreslått å strekkje austre avgrensing av detaljhandelssenteret heilt til krysset ved Dalset. Dette vil medføre eit senter med ei lengde på ca. 800 meter, noko som vil vere uheldig dersom ein skal følje råd om å konsentrere sentrum.

Parallelt med kommuneplanen arbeidast det med ein ny sentrumsplan. Her leggast det opp til at eksisterande sentrumsområde kan fortettast og utvidast sørover under eksisterande fylkesveg. I område vert det lagt opp til detalj- og daglegvarehandel, kontor, konsentrerte bustader, kulturhus og andre allmennnyttige tenestar. På figur 4 vises prinsippet i planen for det nye Elnesvågen sentrum. Elnesvågen sentrum er avgrensa med sentervegen i vest og nord, Haukåsvegen i aust og ny internveg i sør. På begge sider av fylkesvegen er det eit sentralt torgområde liggande i det viktigaste grøntdraget som går nord – sør. Ei ytre avgrensingsramme vil kunne vere dei to rundkjøringane på Dalset og ved kommunehuset.



Figur 3: Sirklar med diameter på 400 og 800 meter i tråd med rettleiinga i fylkesplanen for senterstruktur.



Figur 4: Prinsippet i planen for det nye Elnesvågen sentrum (kartutsnitt frå reg.plan sentrum)

Avgrensing og fortetting av Jendem sentrum


Jendem har hatt stor vekst og auke i folketal. Det er i dag ein daglegvareforretning på staden med planar om flytting/utviding og tilrettelegging av kafé. Jendem viser seg å være eit vekstområde og det vil være naturleg at ein på sikt ser på areal til utviding av forretningsaktivitet.

Figur 5 viser eksisterande forretning i nordaust (rp05033), og ønska nytt forretningsområde i sørvest (FO100). Område nord for eksisterande forretning er regulert til forretning, område på motsatt side

av vegen er regulert til industriområde. Ingen av områda er utbygd. Mellom alle desse områda ligg eksisterande idrettsbane (I100). Ein bør vere varsam med tiltak som kan vere til hinder for ein vidareutvikling av Jendem sitt sentrumsområde.

Planforslaget legg opp til ein oppmjuking av det regulerte industriområdet vest for Jendem skole, ved å omdisponere dette arealet til framtidig kombinert formål forretning/kontor/industri (KOM100). I utgangspunktet gjaldt det heile arealet mellom skolen og idrettsbanen. Etter en runde i planutvalet har ein endra planforslaget noko slik at ein legg til rette for bustad (B119) i området. Den 14. januar 2013 vedtok Plan- og økonomiutvalet (sak 4/2013) å leggje detaljregulering for Jendem Hageby Sør ut til offentleg ettersyn. Det vart føresett i vedtaket at «kommunen tek tak i den vanskelege arealsituasjonen for baneanlegg for Ekko/Aureosen og avklarar framtidig utvidingspotensiale for stadionanlegget mot aust i det pågående arealplanarbeidet».


I eit saksframlegg den 8. april 2013 (sak 38/2013) la rådmannen fram to alternativ for framtidig vegføring av Fv. 228, på den måten sikre utvidingspotensiale for stadionanlegget mot aust. Figur 5 viser planforslaget med den framtidige vegen i rødt og ein utviding av idrettsbanen mot aust. Ein annan mogleg utviding av baneanlegget er mot vest, inn på området som no er vist som forretning (FO100).



Figur 5: Jendem sentrum, kartutsnitt frå planforslaget

Avgrensing og fortetting av Bud sentrum

Bud er ein viktig krets både for lokalbefolkning, handel og turisme. Eksisterande forretningar er konsentrert langs miljøgata. For Bud vil det vere viktig at handel i denne gata blir oppretthalde. Ei omdisponering til andre formål på bakkenivå vil vere uheldig. Figur 6 viser område ein bør streve etter å oppretthalde og vidareutvikle handel i.




Figur 6: Område i Bud ein bør streve etter å oppretthalde og vidareutvikle handel i (kartutsnitt med gjeldande reg.plan og kommuneplankart)

Avgrensing og fortetting av andre krinsar

Daglegvarebutikkar i desse områda er viktig for lokalbefolkinga, og på fleire stader er det også fleire typar detaljhandel og ulike sørvisbedrifter. Det vil vere naturleg å tenke at handel og annan type sørvis i kvar krets vil utvikle seg i takt med busetting. Handel og sørvis bør konsentrerast i tilknyting til alt opparbeidde tilbod. Ein skal vere varsam med privatisering i sentrumsområde. Bustader bør berre tillatast der dette ikkje er til hinder for utviding av forretning og andre fellesareal. Fritidsbusetnad og industri bør ikkje vere ein del av sentrumsbildet.

Folketalsutvikling i kommunen

Fræna er ein kommune i vekst. Ved utgangen av året 2012 var innbyggjartalet på 9614, ein auke med 130 mennesker gjennom året (1,37 prosent). I 2011 var det og auke, då med 160 nye innbyggjarar.



Figur 6: Befolkningsutvikling i Fræna frå 2004 til 2013, tal frå SSB

Augen i folketalet kjem både av fødselsoverskot (fleire fødde enn døde) og tilflytting, sjå tabell 1. Samla vekst det siste tiåret er på 7,5 prosent. Ein kan sjå ein liten nedgang i folketalet frå 2010 til 2011, sjå tabell 1. Då minka kommunen med 12 mennesker. Dette skuldas eit noko lavt fødselsoverskott i løpet av 2010, med berre 92 fødsla dette året. Gjennomsnittleg de ti siste åra har Fræna om lag 110 fødsla per år. Samstundes var det fleire som flytta ut enn inn til kommunen dette året. 66 mennesker kom flyttande frå utlandet (innvandring), medan 22 utvandra. 290 mennesker flytta til Fræna frå andre stader i Norge, medan 356 flytta ut frå Fræna til andre stader i Norge.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Folketalet 1. januar	8937	9004	9023	9088	9131	9189	9257	9336	9324	9484
Fødde	112	100	117	99	118	116	123	92	109	110
Døde	81	76	69	72	92	74	81	80	74	59
Fødselsoverskott	31	24	48	27	26	42	42	12	35	51
Innvandring			34	48	64	77	78	66	117	108
Utvandring				14	15	10	13	12	22	18
Netto innvandring	43	15	20	33	54	64	66	44	99	87
Innflytting (innalandsk)	313	326	329	338	374	305	301	290	396	377
Utflytting (innalandsk)	320	346	328	361	390	341	331	356	370	383
Nettoinnflytting (innanlandsk)	-7	-20	1	-23	-16	-36	-30	-66	26	-6
Nettoflytting inkl. inn- og utv.	36	-5	21	10	38	28	36	-22	125	81
Folkevekst	67	19	65	43	58	68	79	-12	160	130
Folketalet ved utgangen av året	9004	9023	9088	9131	9189	9257	9336	9324	9484	9614

Tabell 1: Befolkningsutvikling i Fræna kommune, inndelt i fødselsoverskott og netto flytting, tal frå SSB

Netto innvandring har auka en del de to siste åra, i 2011 kom 117 nye innbyggjarar frå utlandet og i 2012 kom 108, medan 18 og 21 flytta til utlandet same året. For en tiårs periode ser ein at tala fordoblar seg. Når det gjeld flytting innanlands, viser tala at det stort sette er fleire som flytta ut enn flytta inn til kommunen.

Ved inngangen til 2012 var det 591 innvandrarar busett i Fræna kommune. Dette svarar til om lag 6 prosent av befolkninga i kommunen. Dei største gruppene av innvandrarar, om vi held norske statsborgarar utanfor, hadde landbakgrunn frå Polen, Litauen og Tyskland.

SSB har statistikk over kvifor innvandrarane busett seg i Fræna kommune. Arbeid og familie er gitt som vanlegaste grunn til innvandring. Nesten halvparten innvandra for å arbeide (45,5 prosent), medan 42,5 prosent innvandra til Fræna på grunn av familie. Familieinnvandrarane kan deles inn i to grupper: dei som kjem samtidig med eller før forenes med familiens sin, og dei andre som kommer til Norge for å gifte seg med en person busett her. Åtte prosent av innvandrarane i Fræna har kome på grunn av flukt. Dei fleste av desse kjem frå Eritrea, Somalia, Irak og Afghanistan. To prosent kjem på grunn av utdanning. Au pairer har utdanning som innvandringsbakgrunn. Dei resterande to prosent har ikkje gitt noko grunn til kvifor dei flytta til Fræna kommune.

Tal frå 2011 viser at halvparten av innvandrarbefolkinga i Møre og Romsdal er i aldersgruppa 20 til 44 år, og ein femtedel er i aldersgruppa 45 til 66 år. Fylket har høy sysselsetting blant innvandrarbefolkinga, rundt 70 prosent. Prosentdelen sysselsette innvandrarar i heile Norge var på same tida 62,8 prosent.

Folketalsutvikling i krinsane

Tabellen under syner folketalsutviklinga i dei ulike krinsane i kommunen.

Krins	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Stavik/Løset	995	991	1002	1009	1031	1039	1057	1060	1112	1118	1108
Søre Fræna	1005	1023	1045	1054	1064	1053	1088	1081	1090	1152	1207
Haukås	2357	2433	2441	2456	2490	2530	2502	2510	2575	2630	2709
Sylte/Malme	1406	1400	1411	1415	1409	1417	1420	1429	1461	1480	1462
Hustad/Farstad	1736	1710	1700	1718	1708	1709	1717	1684	1691	1712	1719
Bud	1422	1441	1413	1422	1418	1395	1376	1387	1386	1369	1397
Uoppgjeve	16	6	11	14	11	46	97	185	9	23	12
	8937	9004	9023	9088	9131	9189	9257	9336	9324	9484	9614

Tabell 2: Folketalsutvikling i ulike skolekrinsar i Fræna kommune frå 2003 – 2013, tal frå SSB

Kvar av skolekretsane har sine sentre og gredner, store eller små, målt i høve til folketalet. I disse sentra og grendene kan ein oppleve større variasjonar i folketalsutviklinga dei siste tiåra. Medan folketalet i sentra held seg stabile, er det fleire tilfeller av at folketalet i dei mindre grendene i same skolekrets opplever ein negativ utvikling. Om ein samanliknar talmateriale frå SSB for dei siste tre tiåra og ser på folketalet i dei 19 ulike grunnkretsane i Fræna kommune, får ein eit meir nyansert bilde av utviklinga i forhold til senter og periferi i kommunen (sjå vedlegg kap.7.1 for samla oversikt over alle dei 19 grunnkretsane i tidsperioden 1980 til 2013).

I løpet av dei siste tiåra har det skjedd ei styrking av sentra i Elnesvågen, Bud, Tornes og Sylte/Malme, og det er ikkje noko grunn til å tru at denne sentraliseringstrenden vil snu i tida framover. Dette har samanheng med tilflyttinga til dei nye bustadfelta i dei forskjellige skolekretsane.

Stavik/Løset

Denne skolekretsen har samla sett ein jamn folketalsutvikling de siste tretti åra. Men når ein ser nærmare på talmateriale, kan ein sjå at det er Løset som har stått for det meste av denne veksten. Stavik har vore stabil i same periode, med ein noko negativ utvikling de siste tre åra. Dette har ein samanheng med dei nye bustadfelta som vart tilrettelagt på Tornes.

Søre Fræna

Søre Fræna har hatt ein positiv folketalsutvikling de siste ti åra, og samla er folketalet pr 1. januar 2013 på 1207 personar, sjå tabell ovanfor. Om vi ser nærmare på dei fire grendene i kretsen, viser tala litt forskjellig utvikling. Hoem og Sande har hatt ein negativ folketalsutvikling sidan 1980, medan Helset og Valle har hatt ein positiv utvikling i folketalet. Når det gjeld de siste tre åra ser ein at Hoem har snudd den negative trenden og auka folketalet noko. Spesielt Jendem som ligg i kretsen Helset, men også Aureosen som ligg i kretsen Valle, har hatt en del bustadbygging dei seinare år. Dette er med på å forklare den positive folketalsutviklinga i disse grendene.

Haukås

Skolekretsen Haukås er den største i Fræna kommune, med 2709 innbyggjarar i 2013. Kretsen har hatt sterkt vekst frå 1980 og fram til i dag, og i løpet av de siste ti åra har veksten vore på over 11 prosent. Utbygginga av bustadfelta i Hauglia og Dalelia er med å forklarar denne veksten.

Sylte/Malme

Skolekretsen består av grendene Sylte og Malme, og begge desse grendene har hatt stabile folketal i løpet av de siste tre tiåra. Sylte opplevde ein liten dropp i folketalet mellom 1980 og 2000, men har dei siste tiåret opplevd ein positiv vekst. Malme opplevde ein jamn vekst frå 1980 til 2000, men veksten har flata ut det siste tiåret. Bustadfeltet i Malmefjorden kan forklare noko av denne tendensen.

Hustad og Farstad

Denne skolekretsen består av heile sju grender, frå Skotten i nordaust, Vikan i sørvest, og Vassenden og Skarset i sør. I løpet av de siste tre tiåra har skolekretsen samla sett opplevd ein negativ utvikling i folketalet. Sentra på Hustad og Farstad har i denne perioden hatt stabile tal, medan dei mindre kretsane har opplevd nedgang i folketalet. De siste tre åra ser ein at den negative utviklinga er snudd, og de fleste grendene har auke i folketalet frå 2010.

Bud

Skolekretsen består av to grender, Gule og Bergset, samt bygdesentret i Bud. Samla sett har de tre grendene hatt ein negativ befolkningsutvikling i løpet av dei siste tre tiåra. Det er spesielt Gule og Bergset som opplever denne negative utviklinga, medan Bud har hatt stabile tal for same periode.

Framskriving

Framskrivningane er meint å gje oss ein indikasjon på kva kommunen kan forvente seg av utvikling i dei ulike aldersgruppene framover. Samfunnsdelen i kommuneplanen tek utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt såkalla mellomalternativ om middels nasjonal vekst (middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsmobilitet og middels netto innvandring) for kommunen si planlegging. Prognosane i arealdelen av kommuneplanen er også basert på middels nasjonal vekst (MMMM).

	2012	2016	2020	2025	2030	2040
0 år	109	123	128	132	134	132
1-5 år	586	609	666	697	709	705
6-12 år	903	933	913	986	1031	1057
13-15 år	387	400	419	393	433	465
16-19 år	539	519	542	561	544	615
20-66 år	5712	5877	5969	6106	6192	6263
67-79 år	853	1074	1275	1387	1418	1599
80-89 år	327	319	349	458	650	765
90 år eller eldre	68	91	84	92	102	213
	9484	9945	10345	10812	11213	11814

Tabell 3: Framskriving av folketalet i Fræna kommune fram mot år 2040 (MMMM), SSB

Tabellen ovanfor viser ein forventa auke i folketalet fram mot år 2040, basert på middels nasjonal vekst.

Når det gjeld framskrivinga av folketalet i aldersgruppa for nyfødde, held dette talet seg stabilt. Aldersgruppa 1-5 år og aldersgruppa 6-12 viser ein jamn vekst fram til år 2030, etter det stabiliserer tala seg. Aldersgruppa på 13-15 år og 16-19 år er meir ustabil i si vekst, men aukar stort sett heile

perioden fram mot år 2040. Gruppa i alderen mellom 20 og 66 år har ein jamn vekst fram til 2030, etter det er utviklinga stabil.

Når ein ser på framskrivinga i talet på eldre, kan ein sjå ein meir markert utvikling. I aldersgruppa 67-79 år kan nær ein fordobling ventas i løpet av dei neste 15 åra. Når det gjeld aldersgruppa 80 år og eldre, held tala seg relativt stabilt framover i nokre år, men frå år 2020 vil denne gruppa med dei eldste nær fordoble seg fram mot år 2040.

Nasjonalt vert det no ofte nytta ein anna modell for framskriving av folketalet, basert på eit alternativ der ein har høy netto innvandring. Statistikk med framskriving til år 2040 basert på MMMH viser ein sterkare vekst i folketalet.

Basert på siste års utvikling med sterk netto tilvekst frå utlandet kan dette vere den mest realistiske utviklinga. Om den høge netto innvandringa kommunen held fram, kan Fræna kommune allereie i år 2016 sjå innbyggartal over 10 000.

	2012	2016	2020	2025	2030	2040
0 år	109	125	133	142	149	159
1-5 år	586	620	685	734	780	840
6-12 år	903	941	930	1024	1106	1232
13-15 år	387	401	423	405	457	528
16-19 år	539	520	551	576	569	689
20-66 år	5712	5944	6087	6352	6632	7199
67-79 år	853	1074	1275	1389	1424	1622
80-89 år	327	319	349	458	650	766
90 år eller eldre	68	91	84	92	102	212
	9484	10035	10517	11172	11869	13247


Tabell 4: Framskriving av folketalet i Fræna kommune fram mot år 2040 (MMMH), SSB

Alderssamansettning, kjønnsfordeling og flyttestraumar

Fræna kommune har god vekst i folketalet. Som tidligare nemnt har Fræna i løpet av dei siste 30 åra hatt positivt og stabilt fødselsoverskott (fleire fødde enn døde). At kommunen har hatt nedgang i folketalet i nokre av desse åra, skyldes at utflyttinga er større enn innflytting og fødselsoverskot til saman.

Til tross for folketilvekst med fødselsoverskott og netto tilflytting blir aldersstrukturen i befolkninga påverka. Den unge delen av befolkninga blir mindre og det blir fleire eldre. Når det gjeld kjønnsfordeling, var det ved inngangen til 2011 noko fleire menn enn kvinner i Fræna. I 2011 var det i aldersgruppa 20 til 39 år 91 kvinner per 100 menn. Til samanlikning var det tilsvarende talet for landet 69 kvinner per 100 menn.

Innvandrarbefolkninga i Fræna kommune var ved inngangen til 2011 på 5 prosent. I Møre og Romsdal var tilsvarende tal på 7 prosent. Tilflytting sikrar vekst i folketalet dei fleste år når ein ser på folketalsutviklinga de siste 30 åra. Innvandring er ein stor del av den netto tilflyttinga til kommunen.



Figur 8: Inn- og utanlandsk nettoflytting Fræna kommune etter alder, 2000-2010 (kjelde: SSB/Fylkeskommunen)

Nettoflytting er talet på personar som flyttar inn minus talet på personar som flyttar ut av kommunen. Innlandsk nettoflytting visar talet på personar som flyttar til ein kommune frå andre kommunar i Norge, minus talet på personar i den kommunen som flyttar til ein anna kommune i Norge. Utanlandsk nettoflytting er utrekna på same vis. Figuren ovanfor viser korleis nettoflyttinga i Fræna kommune fordeler seg mellom innlands og utlands nettoflytting, og korleis den samla nettoflyttinga i kommunen er fordelt etter alder i perioden 2000 - 2010.

Det er innvandring frå utlandet, og ikkje den innanlandske flyttinga, som forklarar folketilveksten i fylket. Når det gjeld Fræna kommune, var nettoinnflytting på 81 personar i 2012. Innvandring sto for alt dette, 87 personar kom frå utlandet medan netto innanlandsk flytting var minus 6.

Når ein ser på figuren ovanfor, kan ein sjå nettoflyttinga fordelt på alder i ein tiårs periode. Samla nettoflytting for aldersgruppa 0 – 15 år viser stort sett positive tal, både for innanlands og utanlandsk flytting. For aldersgruppa 16 – 30 år er den samla nettoflyttinga negativ. Det er stor innlandsk utflytting, medan det er noko utanlandsk innflytting i denne perioden. I aldersgruppa 30+ er det stort sett positiv nettoflytting, der den innlandske innflyttinga er noko meir variabel enn den utanlandske innflyttinga. Høgare utdanning er noko av forklaringa på kvifor det er aldersgruppa 16 – 30 år som samla sett har nettoutflytting. Tal frå hovudopptaket 2011 viser at høgskolane i Møre og Romsdal framleis er dei mest populære for søkerar til høgare utdanning i fylket, men utdanningsinstitusjonar i Sør-Trøndelag, Hordaland og Oslo ligg hæk i hæk (NTNU, UiO og UiB).

Arbeidsplassdekning

I Fræna kommune var 4963 personar sysselsette i 2011. Talet på sysselsette personar som arbeider i kommunen var 3513, dette gjer ein arbeidsplassdekninga i Fræna på rundt 70 prosent. Det er man andre ord færre arbeidsplassar enn arbeidstakrar i kommunen. For Møre og Romsdal er arbeidsplassdekninga på 96 prosent, og berre 9 av fylkets 36 kommunar har ein dekningsgrad på som er større enn fylkesgjennomsnittet. Fem kommunar har ein dekningsgrad på over 100 prosent, noko som betyr at talet på arbeidsplassar i den enkelte kommune er større enn talet på arbeidstakrar


som er busette i kommunen. Molde er den kommunen i fylket med høgast dekning, 123,9 prosent. Molde er ein av dei store regionale sentra i fylket, og har ein variert arbeidsmarknad som er attraktiv i omlandet. Fræna er ein pendlarkommune som er tett knytt opp mot dei arbeidsplassane Molde tilbyr, til dømes i varehandel, forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift, og offentleg administrasjon.

Arbeidspendling

Pendling er definert som ei arbeidsreise der arbeidstakar kryssar minst ei kommunegrense. Underskot på arbeidsplassar i forhold til arbeidsstyrken skapar arbeidspendling. I Møre og Romsdal er arbeidspendlinga høg. Om lag ein av fire sysselsette var i 2011 pendlarar. Fræna er ein kommune med stor utpendling, heile 45,7 prosent av dei sysselsette busett i kommunen arbeider i andre kommunar. Dette tilsvarer 2267 personar. Til samanlikning er det 817 personar som pendlar inn til kommunen.


Koplar vi arbeidsplassdekninga saman med pendlingsstraumane, får vi eit bilet av kor integrert dei ulike bo- og arbeidsmarknadene i fylket er. Regionen «Romsdal inkludert Eide og Gjemnes» har ein arbeidsplassdekning på over 97 prosent. Dekningsgraden er større enn for fylket sett under eitt, og kan indikere at arbeidsmarknaden i denne regionen er meir variert og komplett enn dei andre regionane.

At arbeidspendlinga er høg i Møre og Romsdal kjem og til uttrykk ved at dei fleste kommunane i fylket hadde netto utpendling i 2010. Unntaka var Molde, Ålesund, Ulstein, Stordal og Sunndal. Dette er kommunar med høg arbeidsplassdekning, altså med fleire arbeidsplassar enn sysselsette busett i kommunen. Om ein ser på pendlarstraumane, finn ein ut at i Molde arbeidar det folk frå alle kommunane i Møre og Romsdal. Den største bidragsytaren er Fræna kommune med 1451 arbeidstakrar som jobbar i Molde, medan dei bur i Fræna. Til samanlikning er det 344 innbyggjarar i Molde som pendlar til Fræna kommune (sjå figur 9).



Figur 9: Pendlarstraum Fræna og Molde, tal frå 2011 (kjelde: SSB/Fylkeskommunen)

Næringsstrukturen i dei ulike kommunane påverkar pendlarstraumane. I Molde var det i 2010 flest innpendlarar innan offentleg forvalting og anna tenesteyting, og som nest viktigaste næring kom industri. Fræna med sin nærleik til Molde forsyner byen med mange av desse arbeidstakarane. Den nære geografiske avstanden mellom Molde og Fræna gjer det attraktivt å bo i Fræna, medan ein jobbar i Molde-regionen. Begge kommunane er ein del av ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.



Figur 10: Pendlarstraumar i Møre og Romsdal (kjelde: SSB/Fylkeskommunen)

3.4.5 Interkommunalt samarbeid

Fræna deler grense med følgjande kommunar; Molde, Aukra, Eide og Gjemnes. Ein rekkje oppgåver i kommunen er løyst gjennom interkommunalt samarbeid. Fræna er medlem av ROR – rådmanns- og ordførarkollektivet i Romsdal, og Fræna er medlem av ORKIDÉ sitt IT-samarbeid.

Det har vore gjennomført felles møter mellom Fræna kommune og Aukra kommune for å utveksle informasjon og få ein felles oversikt over dagens samarbeidsordningar og utviklingstrekk. Det er også blitt drøfta felles utfordringar og omfang av framtidig forpliktande samarbeid. Tema som har vore til drøfting er:

Skolesamarbeid

Det har vore fleire samarbeidsmøte mellom Aukra og Fræna kommune om skolesamarbeid på ungdomsskoletrinnet. Gjeldande avtale er tidsavgrensa til 2015, og kommunestyret i Fræna har vedtatt at kommunen skal forhandle med Aukra kommune om å forlenge avtalen.

Barnehage

Det ligg føre konkrete planar om bygging av ny barnehage på Jendem. Området der barnehagen er tenkt lokalisert er ikkje regulert til formålet, slik at ei etablering kan trekke noko ut i tid. Per i dag har ein del barn frå Fræna (Jendemområdet) barnehagertilbod i Bergetippen barnehage (Julsundet).

Tilsvarande har enkelte barn frå Aukra tilbod ved Jendem barnehage. Aukra har på si side signalisert at det om kort tid ikkje vil vere ledig plass for barn frå Fræna. Dette skaper eit ekstra trykk på etablering av ny barnehage på Jendem.

Kultur

For ei tid tilbake vart det bygd kunstgrasbane på Jendem. Anlegget blir finansiert mellom anna med medverknad frå Aukra kommune. For tida er ein i ferd med å formalisere samarbeid vedrørande bruk av Vågøy kyrkje.

Andre samarbeidsområder

Skaret friluftsområde ligg i grenseområdet mellom Fræna og Molde, og det er viktig at kommunane blir einige om korleis ein ønskjer å ivareta dette regionale utfartsområdet. Det er innspel til kommuneplanens arealdel som gjeld omdisponering av LNF-området på Skaret til fritidsbusetnad, og kommunane bør vere klare på kor dei ønskjer utbygging og kor dei ønskjer allmenta sin friluftsinteresse skal vege tyngst.

Samarbeid i kystområd

Når det gjeld utvikling av kommunens hamner er Fræna med i Molde og Romsdal Havn, eit interkommunalt hamnesamarbeid saman med Aukra, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes. Fræna legg til rette for næringsutvikling på Harøysundet, både for industri og for fiskeri. Her er det sjønære areal, samt kort avstand til Nyhamna og gassknutepunktet.

4 Prosess

4.1 Organisering av planarbeidet

Ansvarleg myndighet for planarbeidet er kommunestyret, jfr PBL § 3-3 andre ledd:

"Kommunestyret selv har ledelsen av den kommunale planlegginga og skal sørge for at plan og bygningslovgivningen følges i kommunen. Kommunestyret skal vedta communal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan".

Plan- og økonomiutvalet (PLØK) har vore styringsgruppa for arbeidet i eigenskap av planutval. Det er PLØK som vedtar å legge planframlegget ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet vart vedteke av Plan- og økonomiutvalet den 27. august 2007 (sak 108/07), og av Fræna kommunestyre den 3. september 2007 (sak 47/07). Det er 16 medlemmar i PLØK.

PLØK har vedteke arealstrategiar gjennom planprogram, lagt overordna føringer for arbeidet med arealdelen i kommuneplanen og dei har aktivt delteke på arbeidsmøte i regi av arbeidsgruppa og kommuneplanleggaren/kommuneplanleggarane.

Dei involverte i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen har vore ein administrativ arbeidsgruppe med fagpersonar som har medverka med sin kompetanse og kvalitetssikra dei ulike delane av planprosessen. Gruppa har bestått av to personar frå teknisk forvaltning, to personar frå landbruk, ein person frå miljø og beredskap (fram til juni 2010), leiar av kultureininga, næringskonsulenten og kommuneplanleggaren (prosjektleiar). Det har gjennom planperioden vore fleire utskiftingar av prosjektleiar.

4.2 Medverknad og innspel

Det er viktig med ein brei medverknad i arbeidet med kommuneplanen da resultatet vedkjem mange. Offentleg ettersyn av planprogrammet har gitt mulegheit til å påverke kva for spørsmål som skal greiast ut og i kva grad det er semje om tilrådde alternativ.

Melding om oppstart og oppfordring om å kome med innspel til planarbeidet vart annonser i Romsdal Budstikke sommaren 2007. Det vart arrangert ei rekke folkemøte vinteren 2008, eitt i kvar krets. Her deltok fleire representantar frå kommunestyret og administrasjonen. Oppmøtet var godt blant innbyggjarane i kommunen. I løpet av møta fekk møtedeltakarane arbeide saman i grupper, der dei skulle komme med innspel om kva som var viktig for kommunen og deira krets. På desse møta kom det inn i underkant 300 innspel. Vidare kom det inn 164 innspel frå private og offentlege aktørar (sjå eige dokument vedlagt saka). Til slutt har administrasjonen også kome med eigne forslag. Dei fleste innspela gjeld endringar i arealbruk slik som bustader, fritidsbustadar, naust og næringsareal.

Innspela vart no systematisert. I og med at dei hadde kome inn over ein tidsperiode på over åtte år var det nødvendig å finne ut kor aktuelle dei var. Stod innspela frå 2004 og 2005 fortsett ved lag? For å finne ut av dette vart det sendt ut brev til dei som hadde komme med innspel eldre enn 2008 om dei ville oppretthalde eksisterande innspel. Slik fikk ein luka bort innspel som ikkje lengre var aktuelle.

Etter at denne jobben var gjort, satt ein att med 464 innspel som skulle vurderast. På grunnlag av kriterium som tilhøve til nasjonale, regionale og lokale retningslinjer og føringer, arealstrategiar, omfang, behov og mogleg konflikt med andre interesser, vart det gjennomført ei grovsiling av

innspele. Medlemmer av arbeidsgruppa vart trekt inn i denne prosessen på grunnlag av sine respektive fagfelt. Meir om bakgrunnen og grunngjevinga for dei utvalte områda kan ein lese om i kapittel 5 Konsekvensutgreiing – samla vurdering.

Etter utsilinga satt ein att med 90 område det vart utarbeidd KU på. Alle KU'ane vart sendt til arbeidsgruppa for uttale der dei ulike fagpersonane igjen fekk uttale seg ut frå sine fagfelt. Etter denne prosessen falt nokre av områda for omdisponering ut:

- Nærings (tungindustri) bak Klempertåsen

Vurdering: Klempertåsen er eit samlingspunkt for mange typar artar. Området er lokalt viktig som vinterbeiteområde for rådyr. Hjort bruker også Klempertåsen som vinterbeite. Klempertåsen er også ein del av eit større leve- og beiteområde for orrfugl og storfugl. Vidare er området yngleområde for hvitryggspett og andefuglar og beiteområde for lommer, andefuglar og sangsvane.

- Andre typar bygningar og anlegg (naust) Nothaugen, Tornes

Vurdering: Det er berre ca. to daa som direkte blir bygd ned, men den arronderingsmessige konsekvensen blir at resten av jordstykket blir vanskeleg å drive. Dermed blir det ca. ni daa med god dyrkajord som vil gå ut av drift. I området er det elles svært aktiv jordbruksdrift og etterspørsel etter det som finst av dyrkajord.

- Fritidsbusetnad Storholmvågen

Vurdering: Temakart for naturtypar viser at området for omdisponering ligg innanfor ei undervasseng av viktig verdi og ei naturbeitemark av svært viktig verdi og med svært god statkvalitet.

Brakkvasspollar er sjeldan i fylket og skruhavgras er generelt ein regionalt sjeldan brakkvassplante. Undervassenga er avhengig av tilsig av ferskvatn frå områda rundt for å få sine naturelle prosessar. Det er derfor ønskjeleg med minst muleg fysiske inngrep som påverkar dei hydrologiske tilhøva (tilførsle av ferskvatn og sjøvatn). Innspelet går derfor ut. I tillegg til dette blir også det framtidige område for fritidsbustad H4A i gjeldande plan teke ut da dette området ligg i området for desse undervassengene.

4.3 Innspel i planforslaget

Innspele som gikk gjennom KU-vurderingane er å finne i dokumentet Konsekvensutgreiing med ROS-analyse av føreslalte byggeområde, del 1 og del 2.

KU-vurderingane i del 1 var med i planforslaget som vart sendt ut til planutvalet 15. mai 2012. I tida etter gjennomførte planutvalet og administrasjonen åtte møter der ein gikk gjennom innhaldet i planforslaget. I oktober kom politikarane sjølv med 50 nye innspele. Desse vart sortert og lagt fram for planutvalet slik at dei kunne stemme over dei. Dei 30 innspele som hadde fleirtal i PLØK vart sendt tilbake til administrasjonen for konsekvensutgreiing (KU) med risiko- og sårbarheitsanalyse. Desse KU-vurderingane finn ein i del 2.

For 19 av dei 30 innspele har det ikkje kome fram uakseptable konsekvensar i samband med vurderingane. Desse 19 områda for omdisponering er forslått lagt inn i planforslaget (sak 7/2013). Dei resterande 11 innspele er ikkje foreslått lagt inn i planforslaget på grunn av at nokre av konsekvensane av omdisponeringa er uakseptable i følgje vurdering av dei ti tema innan miljø- og naturressursar og samfunnsrelaterte tema.

Plan- og økonomiutvalet vedtok i møte den 29. april 2013 (sak 49/2013), at eit nytt innspeil til kommuneplanens arealdel skal konsekvensutgreiaast (KU) og analyserast for risiko- og sårbarheit (ROS). Innspeilet gjaldt omdisponering av areal i Bud, nærmere bestemt «Hamnebruddet». I gjeldande kommuneplan og i reguleringsplan for Bud er dette området definert som Friområde, og innspelet gikk ut på å omdisponere dette til framtidig Nærings. Rådmannen tilrådde ikkje omdisponering av området, då nokre av dei negative konsekvensane av omdisponeringa er uakseptable i følgje den faglege vurderinga. Dette gjeld særskilt konsekvensane for det biologiske mangfaldet og friluftsliv. Rådmannens tilråding vart ikkje vedteke, og PLØK vedtok (sak 59/2013) at Hamnebruddet i Bud skal omdisponerast frå friområde til framtidig næring. Dette er no lagt inn i planforslaget.

Arealdelen til kommuneplanen blir no lagt ut til offentleg ettersyn. Planmaterialet er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider sider og sendt ut til dei aktuelle høyringsinstansane.

5 Konsekvensutgreiing – samla vurdering

Kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring av konsekvensane for miljø og samfunn. Dette går fram av plan- og bygningsloven § 4-2.

Konsekvensutgreiingsforskrifta utdjupar kravet til konsekvensutgreiing (KU). Denne utgreiinga for arealdelen av kommuneplanen for Fræna kommune er utarbeidd med utgangspunkt i føringane i lov og forskrift. Konsekvensutgreiinga skal vere grunnlag for å vurdere framlegg om endra arealbruk, og vil i tilegg seie noko om korleis utfordringar og viktige problemstillingar i kommuneplanen kan løysast.

Revisjonen av kommuneplanen sin arealdel skal gje retning for Fræna kommune si utvikling i framtida, men det er òg viktig å vere klar over kva for grep som er gjort tidlegare og som har vore bestemmande og retningsgivande for arealutnyttinga fram til dags dato. Dersom dei overordna måla held stikk kan ein oppretthalde desse. Dersom utviklinga ikkje har gått i tenkt/ønska retning eller nasjonale/regionale/lokale retningslinjer er skjerpa inn, bør dette endrast i det nye.

Dei samla konsekvensane av planen, med tilrådd ny arealbruk og føresegner, er vurdert under.

Vurderingane er gjort for planen totalt sett, for kvart utgreiingstema. Som resultat av konsekvensutgreiinga for kvart delområde, er nokre område ikkje tekne med i plana eller har blitt justert for å redusere dei negative verknadene. Dette er det teke høgde for i vurderinga av samla konsekvens.

5.1 Tema for miljø- og naturressursar

5.1.1 Jord- og skogbruk

Jordvern

Jordbruksnæringa har ei sterk stilling i Fræna kommune, som er ein av dei største jordbrukskommunane mellom Stavanger og Trondheim med omsyn til areal i drift og produksjon av mjølk og kjøtt (og den største i fylket). Arealet som er drive av frænabonden har dei siste åra ligge på omlag 59 000 daa. Hovudmålet for Fræna er at kommunen skal bidra til å vidareutvikle landbruket innanfor dei rammene som er gitt nasjonalt. Fræna kommune vil bidra til ei arealplanlegging som tek i vare landbruket, det biologiske mangfaldet og samfunnsinteressene.

Det er søkt å unngå omdisponering av god dyrkjord. Nokre område for omdisponering er redusert i storleik, til dømes B101, utviding bustadfelt Jendem. Innspelet gjekk opprinneleg heilt ned til sjøen, men vart justert da delar av området er god dyrkjord. Administrasjonen vurderer utvidinga i planforslaget til å vere tilstrekkeleg for denne planperioden. Politikarane har likevel kome med eit nytt innspele på eit større bustadområde på Jendemsgjerdet/ Jendemsbakken. Dette er teke med i planforslaget. Andre innspele er forkasta etter tilbakemelding frå landbrukskontoret om at omdisponeringa har for store konsekvensar for god dyrkjord, til dømes eit innspele om naust på Nothaugen på Tornes.

Det finst mange område med god dyrkjord. I Hustadområdet er det største bureisingsområdet i landet. Mange gardar vart rydda her i 1920-åra. I dette planforslaget er det i dialog med landbrukskontoret foreslått fire område med sikringssone med særleg omsyn til landbruk:

- 1) Området frå Tverrfjella til Farstad (Breivika), begge sider av Hostadvatnet.
- 2) Området ved elveosane til Hustadelva og Sageelva (sentrumsområdet av Hustad).
- 3) Varhol-området frå Dalegrova i vest og austover mot verneområdet ved Freneidet.
- 4) Sylte-området frå Kråkneset i vest og til fylkesvegen i aust.

Det kan som hovudregel ikkje utarbeidast føresegner for omsynssone C med særleg omsyn til landbruk, men det er utarbeida retningslinjer som blant anna seier at all verksemd i desse områda skal ta omsyn til at dei skal bevarast som LNF-område med særlege omsyn til landbruksinteresser/produksjon av mat og at dyrka mark ikkje kan omdisponerast.

Fræna kommune sin landbruksplan 2004-2015

Det er som nemnt ovanfor lagt inn fire omsynssoner med særleg omsyn til landbruk. Det er knytt retningslinjer om at områda skal prioriterast til produksjon av mat og at ein bør unngå tiltak som splitter opp landbruksjord eller øydelegg driftsgrunnlaget på det einskilde bruk. Dette er i tråd med landbruksplanen og dei rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. Når det gjeld ei berekraftig viltforvaltning og balanse mellom beitegrunnlag og storleiken på viltstamma har dette endra seg noko for hjort og rådyr sidan landbruksplanen vart vedteke i 2004. Dagens stammar for hjort og rådyr er store, og motstridande interesser med dei registrerte viltområda i temakart for artsdata er ikkje vekta så negativt.

Samla sett er verknadane for landbruket vurdert å vere små.

5.1.2 Biologisk mangfold

Fræna kommune har ei betydeleg spennvidde i naturtypar. Direktoratet for naturforvaltning (DN) opererer med sju hovudnaturtypar. Følgjande typar er viktigast i Fræna kommune:

Havstrand/kyst: *brakkvasspollar, undervassenger, brakkvassdelta (elveos), strandeng og strandsump, sandstrender, sanddynar og kalkrike strandberg.*

Kulturlandskap: *kystlynghei, naturbeitemark og slåtteenger, kalkrike enger, artsrike vegkantar.*

Myr: *høgmyr, rikmyr, kjelde og kjeldebekk.*

Ferskvatn: *rike kulturlandskapssjøar, viktige bekkedrag og dammar.*

Skog: *rik edellauvskog, gamal edellauvskog, kalkskog, gamal lauvskog og gamal barskog.*

Rasmark, berg og kantkratt: *kalkrike område i fjellet, til dømes nordaustsida av Raudtua og Tverrfjell.*

Fjell: *kalkrike område i fjellet, til dømes Trollkyrkja og Talstadhesten.*



I kommunane Eide og Fræna finn ein innslag av kalkstein og marmor med rik plantevokst. Her under Talstadhesten har den freda raudlistearten Marisko sin einaste vekseplass i fylket.

Foto: Asbjørn Børset.

Naturmangfaldloven

Biologisk mangfold er i denne samanhengen definert som registreringar av viltområde, naturtypar og raudlisteartar. Dei fleste raudlisteartene lever i produksjonsareala for landbruket og er teke med der informasjonen har vore tilgjengeleg. Område for omdisponering er sjekka opp mot temakart for inngrepssfrie område, artsdata, verneområde, naturtypar og artskart.

Det er gjort vurderingar opp mot registrerte artar og naturtypar i temakart og eventuelle konfliktar med naturtypar er vurdert for kvart nye utbyggingsområde som er foreslått. Vurderinga av naturverdiar er gjort etter prinsippa i naturmangfaldloven §§ 8-12, jf. § 7 i naturmangfaldloven.

Strekninga fra Bjørnsund, Bud, Hustadvika og Atlanterhavsvegen har spesielt store naturfaglege interesser av forskjellige typar: mange verdifulle raste- og hekkeområde for fugl, havstrender, marine verneverdige område, naturreservat av internasjonal verdi, verneverdige myrområde, kalkfjell med uvanleg flora, kystlynghei osb. Vurdering av biologisk mangfold er gjort i samråd med fagfolk.

Samla sett er verknadane for det biologiske mangfaldet vurdert å vere små og tålelege.

5.1.3 Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne

Kulturminneloven

Område for omdisponering er sjekka opp mot temakart for kulturminne og temakart for kulturlandskap. Der det er registrert kulturminne og viktige kulturlandskap er det gjort ei vurdering i konsekvensutgreiinga på dette temaet. Det er sett krav om at det må takast omsyn til kulturminne i samband med regulering dersom det er nødvendig i form av avbøtande tiltak.

Den første systematiske registreringa av kulturminne i det som i dag er Fræna kommune vart utført i samband med konstruksjonen av Det økonomiske kartverk (ØK) i 1975 og 1976. Det vart da registrert 659 enkeltminne innanfor dei kategoriane som var automatisk freda på den tida. Det dreidde seg i hovudsak om gravminne. Den mest karakteristiske fornminnetypen i Fræna er dei tørrmurte

gravrøysane som ligg på knattane heilt ut mot havgapet. Eit av dei mest synlege gravfelta ligg på Malefeten, med sine 34 gravrøysar.

Når det gjeld viktige kulturmiljø og kulturlandskap er strekninga Hustadvika-Atlanterhavsvegen registrert som spesielt verneverdig kulturlandskap med stor prioritering for forvaltninga.

Kyststrekninga er svært rik på automatisk freda kulturminne, kulturminne og har mange spor etter tidleg busetting heilt frå steinalderen. Innspel i dette området er vurdert etter verdi- og sårbarheitsanalysen for Atlanterhavsvegen utarbeidd av landskapsarkitektane Østengen og Bergmo AS gjort i samband med Nasjonal Turistveg.

Samla sett er verknadane for kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne vurdert å vere små.

5.1.4 Strandsone og vassdrag

Strandsona

Planforslaget som no ligg føre baserar seg på dei nye retningslinjene for strandsona som kom i 2010. Det skal også framtidige tiltak i strandsona gjere. Temakart for inngrep i 100-metersbeltet som viser kva for område det er "teke hull på" er også brukt i vurderingane. Målet er å unngå ei stykkevis og delt utbygging og å få mange områder der få har tilgang. I dette ligg også eit ønskje om å samle flest muleg tiltak på minst muleg areal.

Når det gjeld den statlege planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona er Fræna kommune definert til å vere eit område med mindre press på areala. Ut frå dette gjeld følgjande retningslinjer for Fræna kommune:

- a) Bygging skal berre tillatast etter ei konkret vurdering ut frå lokale forhold.
- b) Utbygging bør så langt som muleg lokaliserast til område som er bygd frå før slik at utbygging skjer mest muleg konsentrert.
- c) Det bør ikkje byggast ut i området som har spesiell verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfold, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser som til dømes landbruk, fiske og oppdrett må også vurderast.
- d) Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal vektleggast i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet.
- e) Areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast før areal til fritidsbusetnad.

Dei nasjonale retningslinjene er også i tråd med planprogrammet der det er vektlagt at kommunen skal unngå å legge område for fritidsbusetnad i områder som seinare kan komme i konflikt med viktige og attraktive område for til dømes friluftsliv.

Nye inngrep i strandsona dreier seg først og fremst om fritidsbustader, naust og småbåthamner. Administrasjonen har heile tida sett at det manglar ein heilskapecleg strategi i arbeidet med vurderinga av innspel som omhandlar tiltak i strandsona. Fræna kommune bør ha ein plan på kva for område ein skal hegna om og kva for område det er greitt å bygge ut. I Planstrategien for Fræna

kommune 2012-2015 (sak 2/2013) er det vedteke å starte opp med strandsoneplan og plan for fritidsbusetnad. I desse planprosessane må ein sjå på korleis ein ønskjer å forvalte sjøområda for at det ikkje skal skje ei stykkevis og delt utbygging der få har tilgang.

På bakgrunn av dette er dei nye områda for omdisponering i strandsona lagt i tilknyting til område der det alt er teke hull på området eller det er etablert liknande tiltak i nærleiken. Samla sett er verknadane for strandsona vurdert å vere små og utbygging er lagt til område det alt er teke hull på.

5.1.5 Støy og forureining

Støy i arealplanlegging

Det er sett krav i føresegndene om at tiltak skal tilfredsstille den til ein kvar tid gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga. I føresegndene § 7.7 står det at støy skal vurderast ved utarbeiding av områderegulering og detaljregulering og ved vurdering av einskildvedtak nær støykjelder kor det ikkje ligg føre støysonekart, og det kan krevjast at det skal ligge til grunn støyberekingar. Det same gjeld driftsrestriksjonar som til dømes klokkeslett for når sprenging og knusing i område for råstoffutvinning kan utførast.

Samla sett er det teke tilstrekkeleg omsyn til krav om vurdering av støy og forureining i planforslaget.

5.2 Samfunnsrelaterte tema

5.2.1 Samfunnstryggleik

Det er teke omsyn til samfunnstryggleik ved at det er gjort ei risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med konsekvensutgreiing for alle nye utbyggingsområde. Alle innspela som gikk vidare etter utsilingsprosessen har blitt sjekka opp om det er kjente risikotilhøve i området. Fare- og risikokart er teke i bruk for å avdekke fare for skred, ras og sprang. Vidare er temakart for eksplosivar og el-kablar brukt for å sjekke områda for omdisponering sin nærleik til eksplosivar og stråling. Det er sett avklaringskrav med tanke på ROS i vidare reguleringsarbeid, jf. § 7.2 i føresegndene.

Samla sett er det teke tilstrekkeleg omsyn til samfunnstryggleik i planforslaget.

5.2.2 Trafikkgenerering og samordna arealbruk

Areal- og transportplanlegging/klima og energiplanlegging

Det er forsøkt å legge til rette for dei største konsentrasjonane bustader innanfor tettbygd strøk, eit grep som reduserer transportbehovet med tanke på nærleik til sentrumsfunksjonar. Døme på slike områder er B101 Jendem, B400 Tornes og B202 Malmeskiftet. Området ved Malmeskiftet vik noko frå dei nasjonale føringane, men innspelet er likevel teke med da området ligg i nærleik til Malme skole, nærbutikk, samfunnshus og idrettsanlegg. I og med at området har gang- og sykkelvegsamband med Sylte skole (som elevane frå Malme skole vil bli flytte til når denne skolen blir lagt ned) er vurderinga at området er akseptabelt om bustadområde. Område B118 Jendemsgjerdet/Jendemsbakken vik også frå dei nasjonale føringane, men Planutvalet ønskjer at dette innspelet blir tatt med i planforslaget.

Det har også vore ei målsetting å utvide eksisterande bustadfelt slik at utbyggingsmønsteret samlar naturinngrepa mest muleg. Det er også ei økonomisk side ved denne strategien med tanke på område der det alt er gjennomført grunnlagsinvesteringar. I mange tilfelle vil dette vere den

rimlegaste klargjeringsforma. Døme på slike områder er B100 Brauthaugane, B102 Aureosen, B201 Malmefjorden og B702 Brandshaugen (Farstad).

Det er opna opp for bustad i samband med oppstart av regulering i strid med gjeldande arealdel. Dette er B200 Ytre Julset og B500 Slipvegen i Bud. Sistnemnte er i tråd med nasjonale og regionale føringer då området grensar til eksisterande bustadområde.

Elles er det gjort ein del omdisponeringar i planforslaget ut frå gjeldande bruk der nasjonale og regionale retningslinjer ikkje er lagt til grunn i vurderinga. Døme på omdisponering ut frå gjeldande bruk er B401 Dalsbø (Stavik), B600 Vikan, B601 Nerlandsskiftet, B602 Nerland, B700 Farstad, B701 Skotheim (Farstad). Dette gjeld omdisponering frå forretning (nedlagte butikkar) til noverande bustad bortsett frå B700 som gjeld frå industriformål til noverande bustad.

Nytt i dette forslaget er område med LNF-spreidd bustad. I planforslaget er det foreslått SB100 Vorpebakken, SB300 Keilagrova, SB400 Remma, SB500 Kledehaugen, SB 600 Stranda (Vikan), SB601 Soløya, SB602 Skarst og SB603 Holmelihaugen, Nerland. Fræna kommune har ein utfordring med busetting i ytre strøk og desse områda med LNF-spreidd er foreslått i eit forsøk på å stabilisere den negative trenden i desse områda av kommunen. Det dreier seg berre om 26 nye bustader og er derfor ikkje vurdert å vere i konflikt med sentrale føringer.

Samla sett er det teke tilstrekkeleg omsyn til trafikkgenerering og samordna arealbruk i planforslaget.

Fylkesplan for senterstruktur

I dette planforslaget er det foreslått å markere Elnesvågen sentrum med ein sirkel på 400 meter i tråd med rettleiinga i fylkesplanen for senterstruktur.

Når det gjeld konkrete forslag for område til forretning er dette henta frå Strategisk næringsplan 2010-2021, og vurderingane av nye forretningsområde er gjort i samråd med næringskonsulenten.

Det er lagt ut fire nye område med forretning i denne rulleringa.

Det er lagt til rette for ny nærbutikk på FO100 Trondshaugen på Jendem (flytting av eksisterande nærbutikk).

I all hovudsak legg fylkesplan for senterstruktur 2004-2008 opp til at sentrum skal vere basis for vidare utvikling når det gjeld handels-, sørvis- og tenestetilbod og nyetableringar og utvidingar innan detaljhandel skal lokaliseraast innanfor sentrumsareal avgrensa i kommuneplanen. Likevel er det lagt opp til at det kan leggast til rette for mindre etableringar for å sikre eit godt tilbod av grunnleggande funksjonar også utanfor tettstaden. Ut frå dette vurderer administrasjonen at omdisponeringa er i samsvar med fylkesplanen for senterstruktur.

Vidare er det to omdisponeringar ut frå gjeldande bruk som ikkje har ei lokaliseringsvurdering bak seg, men meir ei korrigering til eksisterande bruk. Dette er FO200 på Julset, Malmefjorden og FO300 Eidem, begge frå industri til forretning.

Når det gjeld plasskrevande varer legg Fylkesplan for senterstruktur opp til at handel med slike varer bør ligge i eller i utkanten av sentrumsareala. Døme på plasskrevande varer er bilar og andre motorkjøretøy, fritidsbåtar, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer samt trær og planter i hagesenter.

Denne føringa er følgt opp i denne rulleringa ved ei utviding av eksisterande forretningsområde FO201 Malmefjorden for handel med store varer i Malmefjorden (utviding nord og aust for regulert område i Holamyra). Oppmålingsfirmaet Buset AS utførte prøvestikk i myra i mai 2011 for å sjå kor djup denne er. Det er nødvendig med ytterligare prøvestikk for vidare prosjektering.

Dalemyra bransjesenter er regulert med reguleringsplan, mens Eidem Vest som tidlegare nemnt er foreslått omdisponert til forretning i dette planforslaget. Begge desse områda for forretning er i tråd med fylkesplanen for senterstruktur.

Samla sett er det teke tilstrekkeleg omsyn til fylkesdelplan for senterstruktur i planforslaget.

5.2.3 Friluftsliv

Idretts- og friluftsplan 2008-2011

Hovudmål i idretts- og friluftsplan 2008-2011 er at alle i Fræna kommune skal bli gjeve tilbod om fysiske aktivitetar og naturopplevingar ut frå eigne behov og føresetnader. Tilbod til barn og unge skal prioriterast. Av delmåla i planen vil ein nemne det fjerde delmålet: Fræna kommune skal gjennom bevaring og tilrettelegging arbeide for at friluftsområda i nærmiljøet, i fjell, fjord og på kysten skal takast vare på og vidareutviklast.

Nye byggeområde er vurdert ut frå verknader både for regionale friluftsområde og for nærfiluftsområde. I hovudsak har ein unngått å leggje nye byggetiltak i område av verdi for friluftslivet, eller der omdisponeringa vil verke som ein barriere for ferdsel og oppleving av friluftsliv. Forslag til omdisponeringar som vil gå på kostnad av dei allmenne interessene for utøving av friluftsliv er vurdert negativt.

For å synleggjere dei viktigaste friluftsområda i kommunen, er det lagt omsynssoner på desse områda i plankartet. Dette inneber at det skal takast særleg omsyn til friluftslivet ved handsaming av saker innafor desse områda.

I § 14.2 *Område med særleg omsyn til friluftsliv* i forslag til føresegnene for Fræna kommunen står det at nokre større område blir peika på som svært viktige i friluftssamanheng og har fått omsynssone med særleg omsyn til friluftsliv. Dette gjeld område på Levran, Nordneset-Julshamn og holmane i Frænfjorden.

Ved Skaret er det eit friluftsområde av regional karakter som er særleg godt egna til friluftsliv. Dette området har ikkje fått omsynssone, men er eit statleg sikra friluftsområde. Her er det viktig å sikre tilgang til skiløypetrasé og turvegen.

Samla sett er dei negative verknadane for friluftslivet vurdert å vere små.

5.2.4 Teknisk infrastruktur

I nokre av områda som er foreslått omdisponert til byggeområder er det ikkje tilgang til offentleg vatn- og avlaupsnett, og må vurderast av den einskilte utbyggjar.

Når det gjeld tilgang til sløkkevatn, er det nokre områder i Fræna som ikkje har tilfredstillande brannsløkkingskapasitet. Desse områda er dekt gjennom bruk av tankbil.

Samla sett er det teke tilstrekkeleg omsyn til teknisk infrastruktur.

5.2.5 Bokvalitet (barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet)

Barn og unge

Når det gjeld barn og unge sine interesser, er det først og fremst snakk om å sikre gode oppvekstmiljø, ta vare på område som er i bruk til uorganiserte aktivitetar og å sikre område for lek i nye byggjeområde. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegginga seier blant anna at a) areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare og b) at ein i nærmiljøet skal kunne finne areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø.

Den 26. juni 2009 trådde ny forskrift om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven i kraft. I den nye forskriften §§ 6 og 9 er det kome inn ein presisering av at konsekvensutgreiingane skal gje ein skildring og vurdering av:

- verknadene for barn og unge sine oppvekstvilkår og
- tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett.

I føresegnene § 5.4.2 står det at ein ved utarbeiding av reguleringsplanar skal velje ei lokalisering av areala for barn og unge som sikrar gode kvalitetar, og det ligg inne krav om storleik på uteområde og leikeareal.

Samla sett er det vurdert at planforslaget gjev god sikring av barn og unge sine interesser.

Universell utforming

Universell utforming (uu) er i ny plan- og bygningslov løfta fram som ein viktig føresetnad for all planlegging. Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneskjer, i ein så stor utstrekning som muleg, utan behov for tilpassing og ein spesiell utforming. Kort sagt: Gode løysingar for alle!

I § 5.4.1 *Universell utforming* i forslag til føresegnene for Fræna kommune står det at for prosjekt med åtte eller fleire bustader skal minimum 20 prosent vere tilrettelagt for livsløpstandard.

Samla sett er det vurdert at planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til prinsippet om universell utforming.

Folkehelse

Det har vore eit mål i plana å unngå at nye næringsområde kjem i konflikt med bustadføremål. Dette har blant anna ut frå eit ønskje om å unngå ueheldige biverknader for befolkninga i form av støy, lukt og anna ureining. Dette målet er for det meste nådd.

Alle bustadområde i kommunen har god tilgang til uteområde, slik at folk skal ha gode mulegheiter til fysisk aktivitet i nærområdet. Det er også lagt vekt på tilgang til samanhengande gang og sykkelvegar.

Samla sett er det vurdert at planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til prinsippet om folkehelse.

Attraktivitet

Samla sett er det vurdert at planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til attraktivitet.

5.3 Samla vurdering ut frå lokale retningslinjer og føringer

5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Bustadbygging

Fraena kommune har som uttalt politikk at det skal vere tilgong på byggeklare tomter i kommunale bustadfelt i alle grendekretsar slik at kan folk som ønskjer å busette seg i Fræna kommune har valfridom til kvar i kommunen dei ønskjer å busette seg. I utgangspunktet er det sagt at dette skal vere kommunale felt, men vi har dei siste åra fått fleire private bustadfelt som kan avhjelpe etterspurnaden etter byggeklare tomter like godt som dei kommunale.

Det er naturleg at også utfordringa «Bustadområde» frå planprogrammet blir vurdert i dette avsnittet. Planprogrammet legg opp til at ein i denne rulleringa skal ta for seg den gjeldande arealplanen og oppdatere den i forhold til utviklinga som har vore i kommunen sidan den vart vedteke. Ein skal sjå på endringar i preferanse for kor i kommunen folk ønskjer å busette seg, og om føreslårte bustadområde i den gjeldande planen kan omdisponerast til anna formål.

For å få ein oversikt over kva som finst av bustadtomter i gjeldande plan er det utarbeidd ein oversikt over status for bustadtomter i kommunen (sjå eige dokument). Dokumentet viser klart kva for område som har vist seg ikkje å slå an, og difor bør regulerast om (jf. planprogrammet) eller omdisponerast. Det viser også kvar det er få tomter att og slik signaliserer at det er eit pressområde.

Når det gjeld forventa behov for nye bustadtomter i kommande planperiode er det tidlegare ikkje vore gjort nokre berekningar som viser dette. Planprogrammet skisserer heller ikkje kva for kriterium kommunen vil legge til grunn for lokalisering av ulike typar bustader. Først derfor nokre ord om det forventa behovet for nye bustadtomter i kommande planperiode.

I samband med denne rulleringa er det rekna ut det framtidige behovet for nye bustader innanfor planperioden. Per 1.10.2011 hadde Fræna kommune eit folketal på 9 336 innbyggjarar. Tal husstandar per 1.1.2011 var i Fræna 4027. Ut frå dette finn ein at botettheten i Fræna kommune i 2011 låg på 2,3.

Kommuneplanperioden strekk seg frå 2013-2025, og framskriving frå 2012 viser at vi i 2025 har auka innbyggartalet til 10 812. Dette gir ei auke på 1328 nye innbyggjarar innanfor planperioden. Med ein botetthet på 2,3 gir dette eit mogleg behov for 577 nye bustader innanfor planperioden. Oversikta over status for bustadtomter i gjeldande arealdel viser ein tilgong på 1170 tomter (fleire om områda blir utnytta konsentrert). I utgangspunktet er det altså meir enn tilstrekkeleg med bustadtomter i gjeldande plan rekna ut frå botetthet og framskriving av folketalet fram til 2025.

Det er likevel behov for å justere dei bustadområda som alt ligg inne i gjeldande plan. Med så mange område for bustader som ikkje er tatt i bruk etter mange år, er det på tide å luke ut dei som har vist seg å vere «feilslått».

Vidare er det sørgja for at område med få eller ingen fleire tomter att og som opplever press, får tilstrekkeleg med nye tomter å tilby. Slike områder tyder på at dei er attraktive å bu i. Det er stor byggeaktivitet i aksjen Tornes-Malmefjorden og i grensa mot Aukra, og Fræna kommune ser det som nødvendig å legge til rette for fleire tomter her, sjølv om det i kommunen totalt sett er tilstrekkeleg med tomter.

Men **kva slags tomter** ønskjer Fræna kommune å tilby? Fræna kommune ønskjer å tilby allsidige tomter og har tidlegare hatt eit svært spreidd og variert bustadmønster, men med ei klar utvikling i retning av meir konsentrert bustadbygging. Denne utviklinga har sprunge ut frå behovet for å verne jordbruksareala, betre trafikktryggleiken, få kontroll med forureininga og å skape eit meir rasjonelt utbyggingsmønster (jf. kommuneplan for Fræna kommune 1988-99). Dette er i tråd med dei nasjonale, regionale og lokale føringane, og derfor fortsett aktuelle kriterium ved lokalisering av nye bustadområde.

Ønske om type tomter er delvis vidareført frå gjeldande arealDEL:

- *varierte bustadtypar og tomtestorleik*
- *areal til bustadbygging i felt*
- *areal i og i tilknyting til eksisterande tettstader/senter*

I denne rulleringa vil det ikkje bli lagt opp til:

- *areal til bustadbygging i felt i LNF-område på eigna lokalitetar*

I denne rulleringa er det derimot forslag om to nye tomtetyper:

- *areal til spreidd bustadbygging i LNF-område*
- *areal til aktive "småbruk" i klynge (hobbybruk)*

Frå tidlegare å berre ha kunne gitt løyve til bustadbygging i LNF-område gjennom felt med krav om reguleringsplan eller spreidd bustadbygging ved dispensasjon, er det no lagt ut område med spreidd bustadbygging i LNF-område utan krav om reguleringsplan. Dette vil forhåpentlegvis legge til rette for auka attraktivitet og snu den negative utviklinga i dei ytre kretsane Bud, Hustad og Farstad.

Fræna kommune har i denne rulleringa også å eit alternativ for dei som ønskjer å bo landleg på landet og drive med hobbybruk. Dette er «småbruk» for å oppretthalde kulturlandskapet og legge til rette for bulyst. Småbruk er vanskeleg å oppdrive, og kommunen legg ut areal for større og meir naturbaserte tomter der eigarane har mulighet til å dyrke, ha dyr og plass til å drive hobbybruk. Kommunen meiner dette vil gjøre Fræna ekstra attraktiv å bu i. At fleire slike småbruk blir liggande i lag er med på å styrke samhaldet og aktiviteten i området. På grunn av potensielle konfliktar med støy og lukt er dette området som er lokalisert eit stykke frå eksisterande bustader.

Det neste spørsmålet er **kvar** dei nye bustadane skal lokalisera. Ein må ha nokre lokaliseringsfaktorar å vurdere ut frå. Også her vil kriteria til dels vere henta frå gjeldande arealDEL i tillegg til dei nasjonale, regionale og lokale føringar.

For nye bustadeområde gjeld følgjande:

- Både gjeldande arealDEL og dei nasjonale og regionale retningslinjene (som til dømes RPR for samordna areal- og transportplanlegging, Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane, Rundskriv T-5/99 B *Tilgjenge for alle* og Regional energi- og klimaplan) legg vekt på at utbyggingsmønsteret bør leggast opp slik at transportbehovet avgrensast. Det må vere løysingar som kan gi korte avstandar i forhold til daglege gjeremål (skole, barnehage, butikk og fritidstilbod). Dette er viktig også for den delen av befolkninga som har lavast mobilitet og som ikkje disponerer bil. Eit av kriteria for nye bustader er derfor

at ny bustadbygging i grendesentra i hovudsak skal skje i regulerte område og i tilknyting til eksisterande bustadområde med mulegheit for påkopling på eksisterande teknisk infrastruktur og i tilknyting til eksisterande offentleg infrastruktur som skole, barnehage og helsetenester.

- Utviding av eksisterande senter der det alt er gjennomført grunninvesteringar og der det er mulegheit å kople seg på eksisterande teknisk infrastruktur vil også i mange tilfelle vere den rimelegast klargjeringsforma.
- Ved ei slik utviding av eksisterande felt må det vurderast om det er nødvendig med buffer mellom dei ulike utbyggingstrinna. Storlek på eksisterande felt og storlek på utviding vil vere avgjeraende her.
- Nye bustadområde bør ha ein nærliek til butikk og kollektivtilbod/kollektivtransport
- Trafikktrygging bør stå sentralt (separering av gåande og køyrande i form av gang- og sykkelveg/fortau) som er i henhold til *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (T-2/08), Helse i plan i Møre og Romsdal og Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019*.
- Ein bør unngå utbygging i område med miljømessige belastningar som støy, støv og lukt.
- Nye bustadområde bør ha nærliek til gode friluftsområde.
- Nye bustader bør tilpassast landskapsbilete og bygningsestetikk.
- Ein skal ikkje legge opp til bustadsatellittar.
- Det er stilt krav om ein særskilt vurdering – konsekvensutgreiing (KU) - av alle nye utbyggingsområde i kommuneplanen. Ein KU vil avsløre problematiske og konfliktfylte forhold til viktige tema som landbruk, biologisk mangfald, kulturminne, strandsone og vassdrag, støy, forureining, samfunnstryggleik og friluftsliv.

Kommunen har ei utfordring med den negative utviklinga i dei ytre kretsane Bud, Hustad og Farstad. For slike områder er det vanskeleg å la dei ovannemnte kriteria med sine avstandsparameter styre bustadplasseringa, dei ytre kretsane er gjerne kretsar med eit større geografisk spenn som ikkje har rimeleg nærliek til butikk, skole, arbeidsplassar, barnehagar, skole og fritidstilbod.

Sentrumsfunksjonane og dei store bustadfeltene finn ein naturleg nok i dei ulike sentra i kretsane; Jendem, Malmefjorden, Elnesvågen, Tornes, Bud, Hustad og Farstad.

Levande bygder med tilbod om busetting i heile kommunen er viktig, og det er i dette planforslaget lagt opp til nokre **område med LNF-spreidd**. Sidan det ikkje er snakk om utbygging i stor skala, kan nokre få slike område forsvarast, og er ikkje vurdert til å vere i konflikt med sentrale føringar. Områda lagt ut til LNF-spreidd vil bli vurdert med KU på lik linje med nye sentrumsnære bustadområde med krav om detaljregulering når det gjeld lokalisering. Dette gjeld også områda lagt ut til aktive småbruk i klynge. Sjå kapittel 6.4.2 for område foreslått til LNF-spreidd bustad.

Som ein konklusjon kan ein seie at planforslaget forsøker å lokalisere større bustadfelt nært sentrum og sentrumsfunksjonar, gjerne som ei forlenging av eksisterande felt. Spreidd bustadbygging/hobbybruk er lokaliserast i attraktive område, gjerne etter innspel frå private som har dei preferansane kommuneplanen søker.

Samla sett er det vurdert at planforslaget legg opp til tilstrekkeleg med bustader der ein i dag opplever etterspurnad.

Tilrettelegging for næringsutvikling

Forslag om område for næring er henta frå Strategisk næringsplan 2010-2021, og vurderingane av næringsareal er gjort i samråd med næringskonsulenten.

I sentrum av Jendem er Jendem næringspark regulert til industriområde. På grunn av nærleiken til skole og resten av sentrum har ein av grunneigarane kome med ønske om omdisponering av industriområdet. I planforslaget er det no foreslått ei omdisponering til kombinertformål som inneber blant anna forretning for å få mulegheit til å mjukne opp området noko. Noko er også omdisponert til bustad. Ei slik omdisponering krev at ein finn erstatningsareal for næringsområdet som vil bli borte ved å ta eit slikt grep. Her er etterbruk av masseuttaket Pehjellen foreslått som nytt område for næring i Søre Fræna.

Malmedalen-Tussentunellen er i strategisk næringsplan ønska som framtidig næringsområde. Dette har ein no gått bort frå da området er nydryka og brukt til landbruksformål.

I strategisk næringsplan sitt punkt 7.4 *Trong for utvikling av nye næringsområde* er det ramsa opp tre punkt. Sjønære område for massetak og pukkverksdrift har ein gått bort i frå. Storindustriområdet bak Klempertåsen har ein gått bort i frå på grunn av samlingspunkt for ein mengde registrerte artar. Når det gjeld industriareal i Søre Fræna/Jendem er dette oppfylt ved næring som etterbruk av området for Pehjellen massetak.

Ødegård grustak er alt regulert til industri, mens når det gjeld Sande grustak er dette omdisponert til framtidig næring (industri) med rekkjefølgjekrav om at området kan regulerast til næring først når masseuttaket er ferdig.

Næringsområdet Malmefjorden-Galten (N200) er foreslått utvida med 39,9 daa i nordleg retning.

Resterande areal ligg enten alt inne i arealplanen eller er regulert med reguleringsplan. Mange av dei nye områda er utvidingar av gjeldande næringsformål.

Når det gjeld prioritering i høve korleis rekkjefølgje ein skal bygge ut næringsområda i kommunen bør dette kome fram av strategisk næringsplan, ikkje kommuneplanen sin arealdel.

Samla sett er det vurdert at planforslaget legg opp til tilstrekkeleg med næringsområde.

Gode bo- og oppvekstvilkår

I denne rulleringa er det først og fremst lagt vekt på utviding av skoleområde. I tillegg er det ei mindre utviding (1,8 daa) av eksisterande omsorgsbustadar på Farstad. Viser til kapittel 3.4.2 *Planprogrammet (2007) – satsingsområde og skisserte utfordringar* der det oppfordrast til at planstrategien tek føre seg tema som bustader til vanskelegstilte og eldre.

Samla sett er det vurdert at planforslaget legg opp til tilstrekkeleg med område for utviding av skoleområde i planforslaget.

I Planstrategien for Fræna kommune 2012-2015 (sak 2/2013) er det vedteke å starte opp med Bustadsosial plan, her er det naturleg å ta for seg tema bustad for eldre og vanskelegstilte.

Identitetsbygging, kultur- og triveseltiltak

Det er lagt opp til mange nye turstiar i planforslaget. Nokre større område blir peika på som svært viktige i friluftssamanheng og har fått omsynssone med særleg omsyn til friluftsliv. Dette gjeld område på Levran, Nordneset-Julshamn og holmane i Frænfjorden.

Det er kome inn innspel på utviding av skytebane i Malemedalen og idrettsanlegg på Haukås i tilknyting til ny skule aust for vegen opp til Dalelia som er innarbeidd i planforslaget. Dette er grep som tilfredsstiller rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (T-2-08) og Helse i plan i Møre og Romsdal.

Samla sett er det lagt ut attraktive område med tanke på identitetsbygging, kultur- og triveseltiltak i planforslaget.

5.3.2 Planprogrammet

Dei fire satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel hører naturleg til også i planprogrammet, og den samla vurderinga av desse er gjort under punktet over som tek for seg samfunnsdelen. Ein vil i dette avsnittet ta for seg den samla vurderinga av dei ti utfordringane som er skissert i planprogrammet.

Der ein meiner planprogrammet går utover områda for det ein arealdel skal famne om eller meiner det vil vere mest hensiktmessig å ha ein eigen kommunedelplan for, vil ein vise til andre arena kor desse spørsmåla bør takast opp. Rammene for planforslaget som er nemnt på side fire i planprogrammet er teken hand om gjennom nasjonale, regionale og lokale retningslinjer og føringar. Regningslinjer og føringar som er kome etter at planprogrammet vart vedteke i 2007 er også teke med, jf. kapittel 3.2 *Nasjonale retningslinjer og føringar*, kapittel 3.3 *Regionale retningslinjer og føringar* og kapittel 3.4 *Lokale retningslinjer og føringar*.

Strandsoneforvaltning

For vurdering, sjå avsnitt 5.1.4 *Strandsone og vassdrag*.

Fritidsbusetnad, spreidd utbygging

Det har fram til no vore gitt ein god del dispensasjonar frå arealplanen til bygging av fritidsbusetnad, noko som har ført til ei gradvis nedbygging av kystsona og områder i fjellet.

Planprogrammet peiker på at det må avklarast kor i kommunen ein kan tillate utbygging og kor ein ikkje bør opne for det (inngrepstilfelle område). Ein etterlyser ein heilsakeleg plan for å unngå dispensasjonar som ikkje gir den beste utviklinga og kan føre til forskjellsbehandling (den sterkeste sin rett). Det har utvikla seg eit strekt ønskje om å få bygge i 100-metersbeltet og det må i denne planen avklarast korleis Fræna kommune skal møte slike førespurnader. Det sterke ønskje gjenspeiler seg i tal private innspel som går på fritidsbusetnad i samband med denne rulleringa.

Det er gitt nokre retningslinjer i planprogrammet som omhandler fritidsbusetnad. Det første er at eigedomsgrensene ikkje skal vere den bestemmande faktoren for kor områda for fritidsbusetnad skal lokaliserast. Dette tyder på at nye område med fritidsbusetnad ikkje berre skal vere basert på private innspel (som baserer seg på eigedomsgrenser), men at kommunen skal sjå på eigna/ueigna område i ein større samanheng. Vidare er det ei retningslinje om at ein skal unngå å legge fritidsbusetnad i områder som seinare kan komme i konflikt med viktige og attraktive område for til dømes bustader og friluftsliv.

Dette er i tråd med den statlege planretningslinja for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og elles viktige omsyn ein bør ta med tanke på ulike arealinteresser; utbygging bør skje i område der det er bygd frå før, det bør ikkje byggast ut i område med viktige naturverdiar, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, allmenn ferdsel, landbruk, fiske, oppdrett, landskap, ueigna terren, vegetasjon og lokalklima.

Majoriteten av innspela på fritidsbusetnad ligg i strandsona eller nært inntil strandsona. Fritidsbusetnad i strandsona er ei utfordring i høve til retten til fri ferdsel. Ved å legge dei nye retningslinjene for differensiert strandsoneforvaltning til grunn har ein langt på veg avklart kor kommunen kan tillate utbygging og kor ein ikkje bør opne for nye tiltak, også for bygging av fritidsbustader. I gjeldande arealplan står det at kommunen bør styre bygginga av fritidsbusetnad strengt slik at dei ulike arealbruksinteressene blir avklara og samordna og at fritidsbusetnad i hovudsak berre bør tillatast i regulerte område. Kommunen meiner dette fortsett er ein aktuell strategi.

Nye utbyggingar er vurdert opp mot ei rekke tema og temakart. Planprogrammet slår fast at det ikkje bør opnast opp for hyttebygging i inngrepssfrie område, og da er temakart for inngrepssfrie område og temakart for inngrep i 100-metersbeltet spesielt aktuelle. Av dei 13 føreslattede omdisponeringane til fritidsbusetnad har fem av dei fritidsbusetnadane som er lokalisert i nærleiken av strandsona også føresegner som tillet naust nedanfor fritidsbustadane. For å sleppe å konkretisere for mykje har administrasjonen velt å la naust inngå i formålet fritidsbusetnad der dette er vurdert aktuell. Det er lagt inn føresegner som skal styre desse fritidsbusetnadane unna stranda og nausta har fått føresegner som omhandlar storleik og avgrensing av bruksmuleigheter for å hindre at dei blir tatt i bruk til rorbuer. Generelt er dei nye områda for omdisponering til fritidsbusetnad lagt i tilknyting til område der det alt er teke hull på området og det er etablert liknande tiltak i nærleiken.

Som tidlegare nemnt har administrasjonen har mangla ein heilsakleg strategi i arbeidet med vurderinga av innspel som omhandlar tiltak i strandsona. Dette er ein omfattande vurdering og bør takast utanom rulleringa av arealdelen.

I Planstrategien for Fræna kommune 2012-2015 (sak 2/2013) er det vedteke å starte opp med strandsoneplan og plan for fritidsbusetnad.

Føreseggnene til fritidsbusetnad står i § 5.3.2 *Fritidsbusetnad*. I denne paragrafen står maks tillate BYA ved regulering av fritidsbusetnad og ved einskildsaker der storleiken ikkje er fastlagt i plan. I § 8.2 *Fritidsbusetnad* er det føresegner som gjeld spesifikt dei nye utbyggingsområda i planforslaget.

Ein bør søke å utnytte eksisterande infrastruktur om muleg. Planlegging av utvidingar og fortetting bør likevel bygge på klare rammer for den vidare utviklinga. Store endringar i bygg, standard og tilgjenge må vurderast i forhold til dei verdiar som har ligge til grunn ved utbygginga. Konsekvensane for arealbruken, natur, landskap og dei som har fritidsbusetnaden, må vektleggast.

Under «Utfordringar» i planprogrammet står det at også storleik på naust og hytter bør avklarast i denne revisjonen.

Føreseggnene til fritidsbusetnad ved regulering av fritidsbusetnad og ved einskildsaker der storleiken ikkje er fastsett i plan står i dei generelle føreseggnene § 5.3 *Utbyggingsvolum*. I § 8.2 *Fritidsbusetnad*

er det føresegner som gjeld spesifikt for dei nye utbyggingsområda i planforslaget. Når det gjeld utforming finn ein føresegner om dette i § 6 *Miljøkvalitet*.

Samla sett er det vurdert at planforslaget legg opp til fritidsbusetnader som er i tråd med gjeldande retningslinjer.

LNF-område

Fræna er den største landbrukskommunen i fylket når det gjeld produksjon av mjølk og storfekjøtt, og står for om lag 10 % av denne produksjonen. Det er bøndene som steller og haustar kulturlandskapet og gjer kommunen fin og attraktiv for turisme. Jordbruksnæringa har da også ei sterk stilling i Fræna kommune og er heilt vesentleg når det gjeld å oppretthalde busettingsstrukturen i kommunen. Næringer er dessutan grunnlaget for mykje av verksemda innan lokal industri og handel.

Ønskje frå politikarane om bevaring av dyrka og dyrkbart areal er i tråd med Møre og Romsdal sin strategi for jordvern og har vore eit kriterium i vurderinga i samband med nye utbyggingsområde. Det står eksplisitt i denne strategien at ein skal ta vare på verdifull jord og skog som ein ressurs for framtidige generasjonar. Vidare seier Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging at det bør vere klare grenser mellom bygde område og landbruks-, natur og friluftsområde og at ein bør søke å samle naturinngrepa mest muleg. Fræna kommune vil etterstreve desse strategiane.

Landbruks-, natur og friluftsområde er oppretthaldt som i tidlegare plan med unntak av nye utbyggingsområde (med tilhøyrande KU og ROS). Når det gjeld å tilbakeføre område til LNF-område, er det i planforslaget tilbakeført utbyggingsområde til LNF-område i alle skolekretsar. Liste over vurderte areal, både nye utbyggingsformål og utbyggingsformål tilbakeført til LNF, finn ein i dokumentet *Konsekvensutgreiing med ROS-analyse av føreslårte byggeområde*, kapittel 4 *Oversikt over vurderte areal*.

Når det gjeld skjøtsel av skogane er dette noko som bør takast i landbruksplanen. I følgje vedteken Planstrategi for Fræna kommune 2012-2015 skal denne planen rullerest i løpet av inneverande valperiode.

Energi

I gjeldande plan ligg det inne eit muleg område for vindkraftpark som ei ikkje-bindande opplysning. Området frå Gulberget i Bud til Hustad har vore lansert som eit aktuelt område. Statkraft konkluderte i 1998 med at det var for lite stabil vind til at ei utbygging ville svare seg. NVE avslo konsesjonssøknaden da dei meinte ulempene ved tiltaket samla sett var større enn fordelane. Ulempene omhandla først og fremst dei visuelle verknadene for landskap, kulturminne og friluftsliv, samt at tiltaket kan påverke fuglelivet.

Med ilandføringsanlegg for Ormen Lange på Nyhamna i nabokommunen Aukra er det gode mulegheiter i regionen for utnytting av gass til energiformål. I tillegg til gasskraftverk er det fleire gonger blitt diskutert at ein skal legge til rette for bruk av LNG (Liquefied Natural Gas) i Fræna, og det er bygd ut eit gassnett i sentrum av Elnesvågen. Dette gassnettet blir forsynt frå ein LNG-tank ved Tine Meierier. Herfrå går det eit gassrør på strekninga inn mot sentrum i Elensvågen og forsyner Frænahallen, Fræna helsesenter, Bøtunet, Fræna sjuke- og omsortssenter og Fræna ungdomsskole med gass. Det er ingen konkrete planar for vidare utbygging av gassnettet, men det føreslårte nye

idrettsanlegget og den nye skulen på Haukås er bygg som det vil vere naturleg at knyta seg på gassrøret. I føresegne § 3 er det derfor sagt at ein i framtidige utbyggingsområde skal legge til rette for energireduserande tiltak, og forsyning av eksempelvis gass, vassbåren varme eller biovarme. Dette er også ei føresegnd under næring, sjå § 8.8 *Næring*.

Samla sett er det vurdert at planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til prinsippa om energireduserande tiltak.

Infrastruktur

Når det gjeld vurdering av nye gang- og sykkelvegar i Fræna kommune, har Trafikktryggingsplan 2009-2012 strategi for utbygging av gang- og sykkelvegar. Ein langsiktig målsetting er å legge inn gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegar i kommunen, slik at ein kan ferdast trygt både som gåande og syklande.

I dette planforslaget er det lagt inn framtidig gang- og sykkelveg langs fleire fylkesvegar, slik at ein kan få til samanhengande sykkelnett rundt heile kommunen. Det er også lagt inn gang- og sykkelveg langs nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen.

Ei anna viktig utfordring for kommunen er å få på plass ei miljøgate gjennom Elnesvågen sentrum, med undergang der ein binder saman områda på nordsida og sørsida av fylkesvegen. Ein slik undergang vil gje positiv verknad for trafikktryggleiken og legge premiss for utvikling av handels- og sørvisfunksjonar i kommunesenteret. Eit langsiktig mål er å forsøke å fjerne den framtidige fylkesvegtraseen som ligg sør for sentrum.

Når det gjeld nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen, er det ønskeleg at fleire vegstrekkar langs turistvegen blir oppgradert. Fleire stader er vegen smal, og med stadig auke i talet turistar i området må utbetringar på plass.

Transport langs kysten må utviklast saman med Kystverket. Når det gjeld hamnestruturen i Fræna, pågår det et arbeid i Kystverket der ein går gjennom dei ulike hamnene i regionen. Status for kva moglegheiter og utfordringar som finnes hamnene i Fræna blir gjennomgått, men dette arbeidet er ikkje avslutta.

Når det gjeld forvalting av kommunens hamner samarbeider Fræna med i Molde og Romsdal Havn, eit interkommunalt hamnesamarbeid saman med Aukra, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes. Fræna legg til rette for næringsutvikling på Harøysundet, både for industri og for fiskeri. Her er det sjønære areal, samt kort avstand til Nyhamna og gassknutepunktet.

Eit anna større vegteknisk prosjekt er bygging av Varholvegen. Ein slik vegtrasé vil minske avstanden og styrke kontakten mellom Eide og Elnesvågen.

Råstoffutvinning

Planprogrammet seier at vi i denne revisjonen må finne og sette av eigna område til uttak av massar. Grus og pukk databasen på NGU sine nettsider viser vurderingar av førekomstar sin viktigkeit ut frå kvalitet og storleik. I Fræna kommune er det registrert seks område med viktige/svært viktige grusførekomstar; Malme/Røshol, Rødset/Elvebakk, Malmedal øst, Tverrfjell, Løken-Myrbostad og Rødal (sjå også temakart for grus og pukk). Det største noverande uttaket av massar finn vi på Tverrfjell ved Langvatnet der Hustad Kalk AS driv ut marmor/kalkstein til råstoff for Hustadmarmor

AS. Området ligg alt inne i gjeldande arealdel som noverande gruvedrift. Det er usikkert om drifta vert ført vidare. Svar på dette vil kanskje ligge føre ved neste rullering slik at det da må settast krav om at området skal revegeterast og ryddast opp i med tanke på inngrepa som er gjort og som i dag enkelte stader ligg eksponert med farlege terrengetraséar etter dei store uttaka.

I denne rulleringa er det lagt opp til fleire område med råstoffutvinning. Dersom det ikkje er lagt opp til nokon etterbruk av området er området satt av direkte til råstoffutvinning. Dersom det er tenkt etterbruk i form av eit anna formål, til dømes næring (industri), er området sett av til det formålet området til slutt skal brukast til, men med føresegner om at dette først kan skje når masseuttaket er ferdig.

Områda med viktige grusførekomstar er alle vist i temakart for Grus og pukk, og vil vere eit av mange tema som må vurderast med tanke på nye utbyggingsområde. Slik sikrar ein seg at områda ikkje blir nedbygd før eventuelle massar er teken ut.

I planprogrammet står det at behovet for driftsplanar i samband med masseutak må vurderast. No er det slik at uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsområdet skal fastsettast i konsesjonen og søknaden om driftskonsesjon skal innehalde driftsplan.

Samla sett er det lagt ut gode og aktuelle forslag til område for råstoffutvinning slik planomtalen etterspør.

Offentlege område

Planprogrammet ramsar som tidlegare nemnt opp ei rekke ulike forslag til offentlege område. Lista er nesten identisk med lista over uprioriterte anlegg i idretts- og friluftslivplan 2008-2011. Igjen ser vi at kommuneplanen sin arealdel blir ein plan som får dytta over seg ting som ikkje er godt nok forankra i respektive sektor- og temaplanar. Det bør i det minste settast opp ei prioriteringsliste i idretts- og friluftslivplanen over kva ein bør prioritere av nye anlegg i tillegg til kva som er realistisk å klare innanfor planperioden til arealdelen

Planprogrammet har også tursti Kråkneset-Elnestangen, område for idrettsanlegg/kunstgrasbane i sentrum (Dalelia) og område for nytt skolebygg på Haukås. Turstien er alt på plass, idrettsanlegg i Dalelia og nytt skolebygg på Haukås er to innspel som blir behandla i denne rulleringa.

Vidare på lista står det at arealdelen skal avklare forvalting og tilrettelegging av eksisterande verneområde, stiar og område for friluftsaktivitet, finne ut kva for behov ulike samarbeidsprosjekt som til dømes mellom "Nasjonal Turistveg" og kyststien har for areal og finne område som kan settast av til funksjonelle og varierte skoleområde som innbyr til fysisk aktivitet på alle grunnskolane. Igjen er dette tema som må forankrast i ulike sektor- og temaplanar før det kjem på kommuneplanleggaren sitt bord.

Dei fleste tema som er ramsa opp under offentlege område i planprogrammet må altså forankrast i respektive sektor- og temaplanar før dei blir eit tema for kommuneplanen sin arealdel. Tursti Kråkneset-Elnestangen, idrettsanlegg i Dalelia og nytt skolebygg på Haukås har alle tre kome i form av innspel frå private eller det offentlege.

Næringsområde, herunder industri

For vurdering, sjå *Tilrettelegging for næringsutvikling i avsnitt 5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel.*

Kulturminne/kulturmiljø

For vurdering, sjå avsnitt 5.1.3 *Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne.*

Bustadområde

For vurdering, sjå *Bustadbygging i avsnitt 5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel.*

5.3.3 Andre kommunale delplanar, analyser og føresetnader

Det finst ei rekke andre kommunale delplanar, analyser og føresetnader som legg føringer for denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Dei som har størst føringer for arealplanen vil bli omtala her.

"Lokal agenda 21" (1992) og "Fredrikstaderklæringa" (1998)

Det er mange kommunale delplanar, analyser og føresetnader som skal takast omsyn til i denne rulleringa. "Lokal agenda 21" og "Fredrikstaderklæringa" legg begge føringer for ei berekraftig utvikling ved at utvikling skal skje i samspele med og innanfor naturen si bereevne. Element frå naturmangfaldloven, rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, stateleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging, fylkesplan for Møre og Romsdal og Regional energi- og klimaplan er omhandla her.

Samla sett er det vurdert at planforslaget har lagt prinsippa i «Lokal agenda 21» og «Frederikstaderklæringa» til grunn.

Strategisk næringsplan 2010-2021

Forslag om område for næring og forretning er henta frå Strategisk næringsplan 2010-2021, og vurderingane av næringsareal er gjort i samråd med næringskonsulenten.

Sjå avsnitt *Tilrettelegging for næringsutvikling i avsnitt 5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel.*

Bustadbyggingsprogram 2010-2014

Vurderingane av nye bustadområde er gjort i samråd med rådgjevar for eigedom.

Sjå *Bustadbygging i avsnitt 5.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel.*

Skolebruksplan (2010)

Det er konstatert stort behov for bygningsmessig oppgradering av Haukås skole. Kommunen sin plan- og byggekomité er bedt om å starte arbeidet med å vurdere situasjonen ved Haukås skole, herunder sjå om det er mogleg å gje eit framtidsretta skoletilbod innanfor gjeldande tomtegrenser, eller om det bør byggjast eit nytt skolebygg lokalisert annan stad.

Det er i planforslaget sett av område til ein ny Haukås skole saman med ein idrettspark. Det er også forslag om å utvide området til Jendem, Sylte og Tornes skole i samband med dei ulike samanslåingsforsлага i skolebruksplanen.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (2009-2012)

Denne analysen legg føringer for vurderingane i Konsekvensutgreiingar med ROS-analyse av føreslårte byggeområde.

Bustadsosial handlingsplan (2006)

Fraena kommune har over fleire år hatt fokus på bustadsosialt arbeid. Arbeidet starta med utarbeiding av ein bustadsosial handlingsplan, som var ferdig desember 2006. Planen konkluderte med at kommunen hadde eit omfattande behov for fleire bustadar til vanskelegstilte, og at det var behov for ein total gjennomgang av, og omorganisering av eksisterande tenester. Som en følgje av dette vart det oppretta eit prosjekt for å auke kommunens kompetanse på området, samt å foreslå ny organisering av det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Forslaget til ny organisering vart vedteke av Plan- og økonomiutvalet 29.09.2008.

Kommunen har framleis behov på dette området. Fram til bustadsosial handlingsplan er revidert, kan slike bustadar arealmessig dekkast anten innanfor ordinært utlagde bustadareal i plana, eller som øyremerka areal innanfor areal avsett til offentlege formål i godkjente reguleringsplanar.

Trafikktryggingsplan 2009-2012

Når det gjeld vurdering av nye gang- og sykkelvegar i Fræna kommune, har Trafikktryggingsplan 2009-2012 strategi for utbygging av gang- og sykkelvegar. Ein langsigkt målsetting er å legge inn gang- og sykkelveg langs alle fylkesvegar i kommunen, slik at ein kan ferdast trygt både som gåande og syklande.

Lokal energiutgreiing, Fræna kommune (2011)

For ei samla vurdering rundt spørsmål om energi, sjå avsnittet *Energi* under avsnitt 5.3.2 *Planprogrammet*.

6. Planforslaget

Planforslaget som ligg føre er gjort ut frå vurderingar gjort reie for i kapittel 5 Konsekvensutgreiing – samla vurdering. Strukturen er knytt opp mot plan- og bygningslova § 11-7, arealformål i kommuneplanen sin arealdel.

6.1 Bygningar og anlegg

6.1.1 Bustader

Vurderingane av nye bustadområde er gjort i samråd med rådgjevaren på eigedom. Ut frå statusdokument for bustadtomter i Fræna kommune ser ein at det er tilstrekkeleg med areal til bustader bortsett frå Jendem, Malmefjorden og Tornes. I planforslaget er det nå sett av rikelig med bustadområde. På Jendem er det føreslått to større felt, til saman på nesten 300 daa. I Malmefjorden og på Tornes er det også føreslått større felt. Når det gjeld Jendem sentrum er området for bustader kome inn som forslag frå Planutvalet, i deler av området som først var sett av til Kombinertformål forretning/kontor/industri (sjå kapittel 6.1.11).

Kapasiteten i Elnesvågen er vurdert til å vere tilstrekkeleg med ledige tomter i Dalelia, Øvre og Nedre Haukås, Høstmark og Elnestangen. Når det gjeld bustadområdet på Elnestangen er grensene noko justert i forhold til gjeldande kommuneplan.

Med dette som bakgrunn inneholder planforslaget følgjande nye bustadområde:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
B100	Brauthaugane	21,1
B101	Jendem	118,9
B102	Aureosen	51,7
B118	Jendemsgjerdet/Jendemsbakken	175,5
B119	Jendem sentrum	19,6
B200	Ytre Julset	7,1
B201	Malmefjorden	16,9
B202	Malmeskiftet	120,1
B203	Lauvåsen	9,7
B204	Lindset	2,4
B221	Damhaugen/Pilestredet	46,3
B222	Ytre Julset (sør)	4,5
B400	Tornes	124,4

B300	Elnestangen	141,2
B301	Elnestangen	134,4
B302	Elnestangen	66,5
B401	Dalsbø, Stavik	3,2
B408	Stavlunden	17,4
B500	Slipvegen	7,9
B512	Sandøybryggene i Bud	6,4
B513	Halsteinsenstomta	1,9
B600	Vikan	3,0
B601	Nerlandsskiftet	0,8
B602	Nerland	1,7
B700	Farstad	1,2
B701	Skoheim	1,5
B702	Brandshaugen (nord)	14,5
B711	Brandshaugen (sør)	16
	Sum areal	1135,8

6.1.2 Fritidbusetnad

Planforslaget held seg til statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2010) der utbygging så langt som mulig bør lokalisert til område som er bygd fra før slik at utbygging skjer mest mulig konsentrert. Ut fra dette er følgjande nye område for fritidbusetnad teke inn i planen:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
F100	Korsholmen	7,6
F101	Segelneset	15,8
F200	Kaven	37,5
F201	Skaret	111,1
F202	Blokkhagen	36

F203	Lindset	7,7
F204	Storvika, Syltevorpa	22,1
F400	Kjørsvika/Digerhalsen	48,3
F500	Bergset	12,9
F600	Røysberga	18,9
F700	Solåsen	9,1
F701	Kleivarhaugen, Sandvikbukta	2,6
F702	Kålhytta, Skotheimsvik	90,7
	Sum areal	420,3

6.1.3 Sentrumsformål

Sentrum i Fræna er ikkje tidlegare avgrensa i kommuneplanen sin arealdel. I dette planforslaget er det foreslått å markere Elnesvågen sentrum med ein sirkel på 400 meter i tråd med rettleiinga i fylkesplanen for senterstruktur. Følgjande nytt sentrumsformål er ut frå dette teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
SF300	Elnesvågen	75
	Samla areal	75

6.1.4 Forretning

Nye forslag til område for forretning er henta frå Strategisk næringsplan 2010-2021, og vurderingane av næringsareal er gjort i samråd med næringskonsulenten. Område for forretning er lagt ut etter retningslinjer for lokalisering foreslått i rettleiinga i fylkesplanen for senterstruktur. Følgjande nye forretningsareal er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
FO100	Trondshaugen, Jendem	22,0
FO200	Julset	13,6
FO201	Malmefjorden	94,3
FO300	Eidem	13,3
	Samla areal	143,2

6.1.5 Offentleg og privat tenesteyting

På grunn av endra skolestruktur er det gjort ein del utvidingar av skoleområde på aktuelle skoler. Det er også foreslått ei lita utviding for eldrebustader. Ny skole for Haukås er lagt inn som Kombinertformål saman med nytt idrettsanlegg, sjå kapittel 6.1.11. Følgjande nye område for offentleg og privat tenesteyting er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
T100	Utviding Jendem skole	49,6
T200	Utviding Sylte skole	31,7
T400/401	Utviding Tornes skole	11
T6xx	Hustad kyrkjegard	5,7
T700	Farstad, utviding eldrebustader	2,1
	Samla areal	100,1

6.1.6 Fritids- og turistformål

Det er foreslått tre nye områder for fritids- og turistformål i dette planforslaget. Det første er utviding av Bjølstad Camping. Det andre er camping ved Langvatnet. Dette er eit forsøk på å rydde opp i den ulovlege utplasseringa av campingvogner ved Langvantet, og ein meiner området for omdisponering vil vere eit godt alternativ for å få dei ulovlege tiltaka trekt tilbake frå vasskanten. Det tredje er ønskje om ei rekkje med rorbuer på Kråkholmen. Med dette som bakgrunn er følgjande nye område for fritids- og turistformål teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
FT200	Kaven	23,8
FT700	Kråkholmen	0,6
FT701	Langvatnet	5,9
	Samla areal	30,3

6.1.7 Råstoffutvinning

Planprogrammet peiker på at ein må finne og sette av eigna område til uttak av massar. Med bakgrunn i innspel og NGU sine geologiske kartdata er følgjande område for råstoffutvinning teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
R100	Hoemsneset	24,1
R200	Lauvåsen/Holen	186,3
R600	Venås	80,2
	Samla areal	290,6

6.1.8 Næring

Forslag om område for næring er henta frå Strategisk næringsplan (2010-2021) i tillegg til innkomne innspele, og vurderingane av næringsareal er gjort i samråd med næringskonsulenten. For nokre av områda er det sett rekjkjefølgjekrav om at massen i masseuttaka skal takast ut før området blir regulert til næring, det gjeld Pehjellen (Jendem) og Røshol (Malme). Følgjande nye område for næring er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
N100	Pehjellen	61,7
N101	Jendem	11,1
N102	Sandsbukta	1,6
N200	Malmefjorden	39,9
N201	Røshol, Malme	113,4
N202	Malme	4,3
N400	Tornes	15,2
N402	Indre Harøy	174,8
N500	Håsundet vest	1,6
N501	Håsundet aust	3,3
N502	Hesthaugen, Bud	16,7
N503	Langhaugen, Bud	3,4
N507	Hamnebrotet, Bud	11,6
N605	Sjåholm, Vikan	2,3
N700	Vindex, Breivika	3

N701	Kråkholmen	5,9
	Samla areal	469,8

6.1.9 Idrettsanlegg

Det er kome inn innspel på utviding av skytebane i Malmedalen og idrettsanlegg på Haukås i tilknyting til ny skole aust for vegen opp til Dalelia. Når det gjeld skole og idrettsanlegg på Haukås har ein justert det første planforslaget noko, og heller lagt dette inn som Kombinertformål (sjå 6.1.11).

Følgjande nye område for idrettsanlegg er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
I200	Malmedalen	74,8
	Samla areal	74,8

6.1.10 Andre typar bygningar og anlegg

Arealformålet «andre typar bygningar og anlegg» kan romme mange ulike tiltak. I dette planforslaget rommar dette formålet til dømes motorsportsanlegg, samfunnshus/fotballbane, småbåtanlegg og naust. Følgjande nye område for andre typar bygningar og anlegg er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
ABA200	Malmedalen (motorsportsanlegg)	20,6
ABA201+ABA202	Ytre Julset (samfunnshus og fotballbane)	20,5
ABA500	Hundsholet (småbåtanlegg)	7,8
ABA700	Langvatnet (naust)	11,5
ABA701	Hostadneset (naust)	0,9
	Samla areal	61,3

6.1.11 Kombinertformål

Det er kome ønske om nokre kombinertformål i denne rulleringa. På Jendem vil ein leggje til rette for formål forretning og kontor i tillegg til formål industri. Området er noko justert i forhold til det som tidligare er lagt fram, då Planutvalet ønskjer eit område for bustad (B119) inn vest for området. I Dalelia legg ein inn område for skole og idrettsanlegg. Følgjande nye område for kombinertformål er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
KOM100	Jendem (forretning/kontor/industri)	31,1
KOM200	Julset (industri/forretning)	25,2
KOM300	Haukås, Dalelia (skole/idrettsanlegg)	151,9
	Samla areal	208,2

6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

6.2.1 Parkering

To områder med parkering er lagt inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
P701	Røldalen, Farstad	1,9
P702	Sandvig, Farstad	1,9

6.3 Grønstruktur

Grønstruktur, herunder areal for naturområde, turdrag, friområde og parkar, er område med vegetasjonspreg som er meir eller mindre samanhengande og som også bind saman grøne område i byggesoner med friluftsområde utanfor. Ein grønstruktur kan bestå av parkar, leikeplassar, badeplassar osb. I reguleringsplan skal grønstrukturen gjenspeile grønstruktur i kommuneplan. Der kommuneplan ikkje viser grønstruktur bør grønstrukturen ha samanheng med grønstruktur i tilstøytande planar. I føresegnene er det også sett krav til at nye utbyggingsområde skal ta omsyn til eksisterande eller planlagde turløyper, friluftsområde, naturverdiar osb.

I dette planforslaget er følgjande område foreslått til friområde:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
FRI200	Skoftehella	131,8
FRI506	Bergset	10
FRI600	Nerlandsberget	97
	Samla areal	238,8

6.4 Landbruks-, natur- og friluftsformål

6.4.1 LNF, bokstav a (jf. PBL § 11-7, nr. 5, bokstav a)

Landbruks-, natur og friluftsområde er opprettholdt som i tidlegare plan med unntak av nye utbyggingsområde (med tilhøyrande KU og ROS) og tidlegare utbyggingsområde som er foreslått tilbakeført til LNF-område. Liste over vurderte areal, både nye utbyggingsformål og utbyggingsformål tilbakeført til LNF, finn ein i dokumentet «*Konsekvensutgreiing med ROS-analyse av føreslårte byggeområde*», kapittel 4: Oversikt over vurderte areal.

6.4.2 LNF, bokstav b: Område der spreidd bustad er tillat (jf. PBL. § 11-7, nr. 5, bokstav b)

Nytt i denne rulleringa er muligheita ein legg opp til for å bygge hus utan reguleringsplan. Dette kan skje i særskilt merka LNF-område. Følgjande nye område for LNF-spreidd bustad er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa	Fordeling mellom eksisterande og nye bustader	Til saman tillat bustader i området:
SB100	Vorpebakken	44,9	2 + 3 nye	5
SB200	Nedre Malmedal	147,7	5 + 3 nye	8
SB300	Keilagrova*	55,9	3 nye	3
SB400	Remma*	39,8	2 nye	2
SB500	Kledehaugen	77,5	2 + 2 nye	4
SB600	Stranda, Vikan	25,3	2 nye	2
SB601	Soløya, Vikan	33,5	2 + 3 nye	5
SB602	Skarset	56,1	2 + 3 nye	5
SB603	Holmelihaugen, Nerland	39,1	2 + 3 nye	5
SB604	Askvågen	14,6	2 + 2 nye	4
Samla areal/tal tillat hus		534,4	17 + 26	43

*Mulegheit til å drive hobbybruk

6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

I planen er byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø vidareført frå gjeldande plan, jf. § 1-8 i ny plan- og bygningslov.

Byggegrense mot vatn og vassdrag på 30 meter frå strandlinja målt i horisontalplan ved gjennomsnittleg flomvasstand er også vidareført frå gjeldande plan, jf. § 1-8, 5. ledd i ny plan- og bygningslov. Denne føresegna gjeld vassdrag merka av i temakart «Strandlinje og viktige elver». Det

skal utgreiaast konsekvensar for alle tiltak jf. vassressursloven og vassforskrifta. Vassforskrifta skal sikre vern og berekraftig bruk av vatnet i Noreg. Vatnet skal vere i ein god økologisk tilstand og ein skal kunne dokumentere at vasskjelder og vassdrag ikkje får redusert tilstand som følgje av tiltaket.

Etablering av plan for sjøområda er viktig i denne rulleringa da gjeldande plan ikkje omfattar areal i sjø. Sjøområda er i dette planforslaget delt inn i område med og utan høve til akvakultur. Arealformål i sjø er fordelt på:

- farlei(FA)
- småbåthamn (SBH)
- akvakultur (A)
- natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv (NFFF)

Farleier (FAR) er henta frå Kystverket si kartløysing Kystinfo. Gjeldande konsesjon for akvakultur i Storvika er tatt inn som A-område i samråd med miljø- og myndighetskoordinator Arne Kvalvik i Marine Harvest. Føreslårte omdisponeringar til småbåthamn er gjort ut frå innspel. Overskytande areal i sjø er sett til NFFF-område (natur-, ferdsel-, fiske- og friluftsliv).

6.5.1 Farleier

Farleier er vegsystemet til sjøs, og heile Norskekysten er i dag dekka av eit nettverk av ulike kategoriar av farleier. Det er lagt inn eit stort område som viser farleiene i Fræna kommune:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
FA100	Farleier	-

6.5.2 Småbåthamn

For å få ein minst muleg negativ påverknad på miljøet er småbåthamnene samla på færre, større anlegg framfor å belaste mange område. Ein ønskjer å leggje til rette for fritidsbåtar utan å kome i konflikt med fiskerihamner og fiskeriinteressene i kommunen. I tillegg til dei fysiske inngrepa i naturen (mudring, bygging av bølgjedemparar, bygging av moloar osb.) fører småbåthamnar med seg auka belastning på miljøet som følgje av utslepp av drivstoff, olje og miljøgifter frå båtane både mens dei ligg på sjøen og i samband med vedlikehald ved utsett og opptak. Det er sett krav i føresegnene om at båthamner skal sørge for at kjemikalium og farleg avfall blir handtert miljømessig forsvarleg og at verksemda ikkje skadar miljøet. Dette inneber at hamnene må sørge for at det finst praktiske innretningar som gjer at brukarane kan levere kjemikalierestar, botnstoffrestar, batteri, spillolje osb. på plassen. Det er også viktig at så mykje som muleg av botnstoffet som blir fjerna av skroga blir samla opp.

Følgjande nye område for småbåthamner er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
SBH100	Kvalsneset	24,2

SBH300	Storvika, Røysvollen	45,1
SBH500	Gildreskjæra, Droga	14,6
SBH501	Steinskjæret, Droga	39,6
SBH600	Askvågen	25,6
SBH700	Kråkholmen	23,6
SBH701	Julshamn	7,6
	Samla areal	180,3

6.5.3 Akvakultur

Det er sett av sjøareal som sikrar eksisterande akvakulturlokalitet. Avsett område dekker det som er nødvendig slik at eksisterande tillatingar er sikra tilstrekkeleg areal. Det er også høve til mindre utviding og justering av anlegga utan at det er nødvendig med dispensasjon frå plan.

Hustadvika er oppdrettsfri sone, og er derfor ikkje aktuell med tanke på lokalisering av akvakultur.

Følgjande nye område for akvakultur er teke inn i planforslaget:

Områdenr/ nemning	Namn	Areal i daa
A100/KS100	Storvika	636,6

6.6 Omsynssoner(jf. PBL. § 11-8)

6.6.1 Fare-, sikrings- og støysoner (jf. PBL § 11-8, bokstav a)

Sikringssone nedbørdfelt rundt drikkevatn

Drikkevasskjeldene våre er regulert med sikringssona for nedbørdfelt rundt drikkevatn og vidareført frå gjeldande plan. Sikringssonene for drikkevatn i Fræna kommune er Tverrlivatnet, Fjellsetervatnet, Klompvatnet, Kvannfjellet, Haukåsdalen, Åsdalen, Herskarvatnet og Skottenvatnet.

6.6.2 Sone med særlege omsyn (jf. PBL § 11-8, bokstav c)

Det kan til dømes gis sone for jordvern, soner med særlege omsyn til landbruk, friluftsliv, grøntstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med opplysningar om kva for interesse som gjeld. Soner med særlege omsyn vil for ein stor del ligge i arealformålet LNF.

Omsyn til landbruk (H510):

Landbrukskontoret har foreslått fire områder med særleg omsyn til landbruket som også ligg inne som omsynssone i planforslaget. Desse områda er:

- 1) Området frå Tverrfjella til Farstad (Breivika), begge sider av Hostadvatnet.
- 2) Området ved elveosane til Hustadelva og Sageelva (sentrumsområdet av Hustad).
- 3) Varhol-området frå Dalegrovha i vest og austover mot verneområdet ved Freneidet.

4) Sylte-området frå Kråkneset i vest og til fylkesvegen i aust.

Omsyn til friluftsliv (H530):

I samband med grendamøta kom det inn mange innspel på viktige friluftsområde. Nokre av desse er no foreslått som soner med særlege omsyn til friluftsliv. Arbeidet med å sikre gode friluftsområde bør halde fram også ved neste rullering med å innlemme nye attraktive område med omsynssoner til dette formålet.

Temakart over inngrepsfrie område (INON) viser at holmane i Frenfjorden er det største inngrepsfrie området i kommunen samstundes som det er svært verdifullt som utfartsområde for utøving av friluftsliv. Gruppa av holmar består av Nordøya, Langøya, Forøya, Lamholmen, Svenøya, Beøya, Auspholmen, Kongsholmen og Gårkloppa, og er forslått lagt ut med sone med særleg omsyn til friluftsliv.

Omsyn til naturmiljø (H560):

I samband med utarbeiding av KU for framtidig idrettsanlegg, utviding av skytebanen i Malmedalen, såg ein under vurderinga av biologisk mangfold (temakart for naturtypar) at området for skytebane i gjeldande arealdel (sett av til framtidig byggeområde) overlappa eit område med rik edellauvskog på 15,5 daa. Det er derfor lagt inn ei omsynssone for naturmiljø for å markere viktigheita av å styre unna denne med tanke på tiltak.

Omsyn til kulturmiljø (H570):

Det kom også inn nokre innspel på område folk ønskja skulle sikrast med tanke på kulturmiljø. Eit av desse var Skutholmen, som vitnar om den siste fiskarbonden sin heim i Noreg.

6.6.3 Bandleggingssone (jf. PBL § 11-8, bokstav d)

Dette er soner for bandlegging i påvente av plan- og bygningsloven eller andre lovar, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag, til dømes naturmangfaldlova (H720) og kulturminneloven (H730). I dette planforslaget er det to nye områder bandlagt etter dei to ovannemnte lovane. Dei andre områdane i denne kategorien er vidareføring frå gjeldande plan.

Nye område i dette forslaget er:

- Aureosen: Artsvern, alle fugle- og pattedyr er freda mot jakt og fangst
- Hustad/Hustad kyrkje: Område ved kyrkja er per definisjon ein forhistorisk åker med spor etter hus frå bronsealder til jernalder, med høgt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

6.6.4 Gjennomføringssone (jf. PBL § 11-8, bokstav e)

Dette er ei gjennomføringssone med krav om felles planlegging (H810). Sona blir brukt i utbyggingsområde som strekk seg over fleire eigedomar.

I denne rulleringa er det lagt inn følgjande gjennomføringssonar:

- Segleneset (F101 og F107)
- Ytre Julset, Malmefjorden (B200, B217, B222)
- Malmefjorden (B201 og B223)

- Malmeskiftet (B202)
- Damhaugen/Pilestredet (B221)
- Kaven, Malmefjorden (F200)
- Skaret (F201)
- Storvika, Sylteosen (F204)
- Lauåsen/Holen (R200)
- Røysberga (F600 og F601)

7. Endringar etter offentleg ettersyn

Endringer i plankartet:

Med utgangspunkt i innsigelsene fra fylkesmannen og fylkeskommunen, pluss andre ting vi har oppdaget underveis...

	Innsigelser	Hva det gjelder	Endring	Kommentar
1.	B 300 - Elnestangen	Utvidelsen ut i sjøen	Tilbake til gjeldende plan	
2.	B 301 – Elnestangen	Automatisk freda kulturminne	Justert grense mot nord	
3.	B 513 - Halsteinsentomta, Bud		Tilbake til gjeldende plan	
4.	N 507 - Ergan		Tilbake til gjeldene plan	
5.	F 201 - Skaret		Tilbake til gjeldende plan	
6.	F 600 - Røysberga	Ta bort delen av området som ligg sør-vest for veien	Justert grensen	
7.	SBH 700, N 701 og FT 700 - Kråholmen		Tilbake til gjeldende plan	
8.	SBH 600- Askvågen		Tilbake til gjeldende plan	
9.	SBH 701 - Julshamn		Tilbake til gjeldende plan	
10.	FO 201 Holamyra		Ingen endring	Fylkeskommunen har trukket innsigelsen.
11.	Hustad kirkegård – utvidelse		Hatt inn hensynssone på kulturminne	Fylkeskommunen trekker innsigelsen med forbehold om at forholdet til kulturminner skal avgjøres på reguleringsplannivå.
12.	F 100 - Korsholmen Aureosen – hytteområde		Ble først tilbakeført til gjeldene plan, etter endelig vedtak i kommunestyret stemte politikerne for at området skulle bli tatt inn igjen.	Fylkeskommunen trekker innsigelsen med forbehold om at vegen tilbakeføres.
13.	N 402 – Indre Harøy		Grensene er noe justert for å ta hensyn til	Fylkeskommunen har trukket innsigelsen.

			boligene i øst.	
14.	Akvakultur	For knapt areal satt av	Området er utvida	Fylkeskommunen har trukket innsigelsen da området er utvidet.
15.	B 408 Stavlunden	Kan godta om vi setter max antall på 5 tomter	Tilbake til gjeldende plan	
16.	B 118 – Jendemsbakken		Tilbake til gjeldende plan	
17.	B 102 Aurosen		Tilbake til gjeldende plan	
18.	B 200 og B222 - Ytre Julset		Tilbake til gjeldende plan	Vedtatt reg.plan for B222
19.	B 202 Malmeskiftet		Tilbake til gjeldende plan	
20.	SB 300 - Øst for Elhestangen		Tilbake til gjeldende plan	
21.	SB 400-Stavika	SB400 kan legges ut som LNF b), men uten vilkår 12 i føresegnna og uten intensjon om hobbybruk	Vilkår 12 i bestemmelsene er tatt ut	
22.	KOM 300 – Dalelia		Tilbake til gjeldende plan	
23.	Byggeforbud langs viktige vassdrag		Forbedra kart over viktige elver og vassdrag	
24.	Regulering av handelsvirksomhet	Vi må sikre at nye områder og videreføring av eksisterende reguleringsplaner ikke strider imot rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenter.	Tatt inn i bestemmelsene	
25.	Manglende hensynssone skred med føresegner		Laget eget plankart (2:2) som viser hensynssoner for skred og flom	
Annet:				
26.	Skotten, Farstad (B5U i kommuneplan frå 2003)	Boligområde, framtidig	Videreført fra gjeldende plan (fått navn B712)	
27.	Vorpebakken	LNF-b	Justere grense,	Oppstart av

			mindre område fra veg	reguleringsplan
28.	Jendem sentrum	Vegføring, område for idrett	Tilbake til gjeldende plan	
29.	Masseuttaket på Lauvåsen er redusert for at boligområdet skal være som det er i gjeldende.			Kvaliteten på massen inneholder for mye leire til at den kan utnyttes på en fornuftig måte.
30.	Bestemmelsene er forenklet og noe endret.			
31.	Temakart som viser støy langs fylkesveger er tatt med			Etter råd fra SVV

8. Vedlegg

8.1 Folketalsutvikling i alle krinsar

Folketalsutviklinga for alle dei 19 grunnkretsane i Fræna kommune ser ein tabellen nedanfor. Ein har valt å vise kvart tiår frå 1980 til 2010, i tillegg til oppdaterte tal per 1. januar 2013.

Folketalsutvikling i alle krinsar i Fræna, 1980 til 2013 (SSB)						
Skulekrets	Grunnkrets	1980	1990	2000	2010	2013
Skulekrets Stavik/Løset	Stavik	276	285	283	274	265
	Løset	547	597	711	786	843
Søre Fræna	Hoem	173	176	153	146	160
	Valle	258	273	283	308	319
Haukås	Helset	365	394	404	435	547
	Sande	223	206	197	192	181
Sylte/Malme	Haukås	1867	2172	2378	2510	2709
	Sylte	810	776	756	825	858
Hustad/Farstad	Malme	529	539	602	604	604
	Skotten	256	259	255	221	195
Bud	Farstad	474	472	427	451	456
	Vassenden	321	280	244	227	242
Bud	Nerland	333	265	244	188	204
	Hustad	343	333	335	333	340
Bud	Skarset	175	161	128	119	127
	Vikan	219	194	172	145	155
Bud	Bergset	354	326	309	278	282
	Bud	788	793	776	766	785
Bud	Gule	428	391	348	343	330

8.2 Samandrag av strategisk fundament frå samfunnsdelen i kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2005-2017 samanfattar kommunen sitt STRATEGISKE FUNDAMENT:

VISJON

”Fræna – mulegheitenes kommune”

OVERORDNA MÅL

1. SAMFUNN OG LIVSKVALITET

- 1.1. Fræna kommune skal fremje god infrastruktur og næringsutvikling
- 1.2. Fræna kommune skal vere ein leiande landbrukskommune
- 1.3. Fræna kommune skal sikre og vidareutvikle natur-, kultur- og miljøkvalitetar
- 1.4. Fræna kommune skal stimulere det frivillige arbeidet

2 TENESTETILBOD/BRUKARAR

- 2.1. Fræna kommune skal gi eit trygt og utviklande oppvekstmiljø
- 2.2. Fræna kommune skal ivareta innbyggjarane sine behov for omsorg, tryggleik og pleie
- 2.3. Fræna kommune skal vere ein brukarvenleg kommune

3. ORGANISASJON/MEDARBEIDARAR

- 3.1. Fræna kommune skal ha eit positivt omdømme
- 3.2. Fræna kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar
- 3.3. Fræna kommune skal ha eit godt arbeidsmiljø

4. ØKONOMI

- 4.1. Fræna kommune skal ha god økonomistyring for å sikre handlefridom

SATSINGSOMRÅDE

Tilrettelegging for:

- ~ Næringsutvikling
- ~ Bustadbygging
- ~ Gode bu- og oppvekstvilkår
- ~ Identitetsbygging, kultur- og trivselstiltak